



Dato: 24.05.2013
Arkivopplysningar: 13/3888 004

ÅRSMELDING 2012



Det nye badeanlegget i Trivelshagen vart teke i bruk i august 2012. Foto: Edvin-André Hugvik.

Rådmannen si årsmelding datert 24. mai 2013.

INNHOLD

Politisk organisering og leiing	3
Politisk leiing	4
Rådmannen har ordet.....	7
Administrativ organisering og leiing	9
Medarbeidrarar og personalpolitikk	11
Mål og resultat for Gloppe kommune	17
Kva er gjort i 2012 for å følgje opp dette?	17
Arbeidsprosessar.....	17
Nøkkeltal for Gloppe.....	17
Tenesteområda	18
Oppvekst	18
Helse og omsorg.....	24
Teknisk, eigedom og landbruk	28
Kultur.....	35
Servicetorget, økonomiavdelinga og IT.....	40
Servicetorget	40
IT-avdelinga	41
Økonomiavdelinga	41
Samarbeid og interkommunale tenester	42
Lokalsamfunn	43
Økonomi.....	45
Resultat og avvik	45
Utvikling av inntekter og utgifter	46
Fond og gjeld	48
KOSTRA-tal 2011	50
Nøkkeltal for Gloppe kommune dei siste 5 åra.....	51
Kven representerer Gloppe kommune?	55
Årets prisvinnarar.....	56



Ordførar Anders Ryssdal er på besøk i nye Breim barnehage og helsar på personalet. Barnehagen vart offisielt opna den 4. september 2012. Foto: Jan-Kjetil Øygard.


POLITISK ORGANISERING OG LEIING

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval, pluss administrasjonsutval og formannskap. Med eitt unnatak er alle medlemmene i kommunestyret er

plasserte i formannskapet, hovudutvala og/eller administrasjonsutvalet. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2011.

Politisk organisering

Gjeld frå 18. juni 2012 (talet på medlemmer i parentes)



Gloppen kommune

Politisk organisasjonskart ved årsskiftet 2012/2013.

Til organisasjonskartet: **Formannskapet** er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressurssaker. Etter kommunestyret sitt vedtak den 20. juni 2011 er plansakene delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og teknisk og landbruksutvalet (reguleringsplansaker).

Kultur- og miljøutvalet er kommunen sitt organ i vilt- saker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjoner.

Det skal vere eit **valstyre** i alle kommunar. Valstyret i Gloppen er på fem medlemmer, og er valt mellom formannskapet sine medlemmer. Leiar er ordføraren.

Nye reglement for dei folkevalde organa vart vedtekne i 2012.

POLITISK LEIING



Anders Ryssdal (t.v.) frå Senterpartiet har vore ordførar sidan 1999. Med seg i den politiske leiinga hadde han i 2012 varaordførar Ola Tarjei Kroken (Ap – t.h.) og utvalsleiarane Arnfinn Brekke (Krf) i helse- og omsorgsutvalet, Per Jarle Myklebust (Sp) i oppvekstutvalet, Kristin Sandal (Sp) i kultur- og miljøutvalet, Sjur Atle Austrheim (H) i teknisk og landbruksutvalet og Gunnvor Sunde (SD) i admini-strasjonsutvalet. Utvalsleiarane sit også i formannskapet.

Foto: Jan Kåre Fure.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 55 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2009	2010	2011	2012	
Kommunestyret	58	60	88	112	* Dette utvalet vart etter valet i 2011
Formannskapet	145	150	151	160	erstattat med kultur- og miljøutvalet
Helse- og omsorgsutvalet	44	41	51	57	og teknisk og landbruksutvalet.
Oppvekstutvalet	36	35	45	53	
Teknisk, landbruk og kulturutvalet*	83	65	65	-	** I funksjon frå oktober 2011.
Kultur- og miljøutvalet**	-	-	39	71	
Teknisk og landbruksutvalet**	-	-	27	74	*** Ungdomsrådet fører ikkje
Administrasjonsutvalet**	-	-	8	32	tradisjonell møtebok, så tala er for
Kontrollutvalet	15	23	32	34	dette rådet er ikkje direkte
Eldrerådet	26	18	20	32	samanliknbare med dei andre råda.
Rådet for funksjonshemma	11	9	14	18	
Ungdomsrådet***	22	37	30	43	

Kommunestyret - 2011-2015 (ved årsskiftet 2012/2013)

Senterpartiet (Sp)

1. Anders Ryssdal
2. Per Jarle Myklebust
3. Olaf Sigurd Gundersen
4. Kristin Sandal
5. Leidulf Gloppestad
6. Jeffrey Thomas
7. Kari Jordanger
8. Sølvi Anne Espeland Hope
9. Liss Bergum

Høgre (H)

1. Sjur Atle Austrheim
2. Kari-Ann Flølo
3. Jan Erik Mardal
4. Anniken Rygg
5. Dagfinn Nyhammar

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik
3. Jan Arve Søvde
4. Geir Liavåg Strand

Kristeleg Folkeparti (Krf)

1. Arnfinn Brekke
2. Leidulf Rygg Bogstad
3. Øystein Rinde

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Ola Tarjei Kroken
2. Ragnar Andenæs
3. Peter Holvik Lothe

Venstre (V)

1. Ragnar Eimhjellen
2. Peder Lofnes Hauge

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Formannskapet	
Anders Ryssdal (Sp) - ordførar	Formannskapet er økonomiutval, generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.
Ola Tarjei Kroken (Ap) - varaordførar	
Per Jarle Myklebust (Sp)	
Kristin Sandal (Sp)	Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.
Sjur Atle Austrheim (H)	
Anniken Rygg (H)	
Gunnvor Sunde (SD)	Valstyret er valt mellom formannskapet sine medlemmer.
Arnfinn Brekke (Krf)	
Ragnar Eimhjellen (V)	
Helse- og omsorgsutvalet (HOU)	
Arnfinn Brekke (Krf) – leiar	Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat).
Liss Bergum (Sp) – nestleiar	
Leidulf Gloppestad (Sp)	
Kari-Ann Flølo (H)	
Jan Arve Søvde (SD)	
Oppvekstutvalet (OPV) (ved årsskiftet 2012/2013)	
Per Jarle Myklebust (Sp) – leiar	Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.
Ragnar Andenæs (Ap) – nestleiar	
Jan Erik Mardal (H)	
Kari Jordanger (Sp)	
Øystein Rinde (Krf)	
Kultur- og miljøutvalet (KMU)	
Kristin Sandal (Sp) – leiar	Nytt utval etter kommunestyrevalet i 2011. Kultur- og miljøutvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.
Dagfinn Nyhammer (H) – nestleiar	
Olaf Sigurd Gundersen (Sp)	
Peder Lofnes Hauge (V)	
Hege Lothe (SV)	
Teknisk og landbruksutvalet (TLU) (ved årsskiftet 2012/2013)	
Sjur Atle Austrheim (H) – leiar	Nytt utval etter kommunestyrevalet i 2011. Teknisk og landbruksutvalet har ingen særfunksjonar.
Sølvi Anne Espeland Hope (Sp) – nestleiar	
Edgar Kvernevik (SD)	
Leidulf Rygg Bogstad (Krf)	
Peter Holvik Lothe (Ap)	
Administrasjonsutvalet (AMU)	
<i>Folkevalde</i>	Utvalet vart gjenopprettet etter kommunestyrevalet i 2011.
Gunnvor Sunde (SD) – leiar	
Jeffrey Thomas (Sp) – nestleiar	Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.
Anniken Rygg (H)	
Ragnar Eimhjellen (V)	
<i>Frå dei tilsette</i>	
Bjørg Skarstad (Fagforbundet)	
Hilde Arnestad (Utdanningsforbundet)	
Anne Hansen (Fellesorganisasjonen)	

Kontrollutvalet (ved årsskiftet 2012/2013)

Bjarne Bø (Sp) – leiar
Hans Os (H) – nestleiar
Irene Moen (H)
Tone Lise Jakobsen (SD)
Svein Helge Hovstad (Krf)

Endringar i 2012:

Det er ikkje gjort endringar i den politiske modellen i 2012.

Nytt kontrollutval

Som følgje av at den valde leiaren i kontrollutvalet etter kommunestyrevalet i 2011 vart kommunalt tilsett i 2012, var det valt nytt kontrollutval. Ny leiar vart Bjarne Bø (Sp).

Nyvalet førde til at ingen i kontrollutvalet no sit i kommunestyret. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova sine reglar, men Fylkesmannen har stadfesta valet, sidan kravet om representasjon i kommunestyret berre gjeld ved konstituering.

Nytt medlem i kontrollutvalet etter Geir Liavåg Strand (SD) vart Svein Helge Hovstad (Krf).

Andre nyval

Som følgje av flytting frå kommunen, overtok Ragnar Andenæs Hege Inderberg sin plass i kommunestyret og oppvekstutvalet for Arbeidspartiet. Skifte skjedde frå 1. juli 2012.

Frå same dato og fram til 1. august 2013 har Peter Holvik Lothe hadde Leela Anita Kjørvik sin plass i kommunestyret og teknisk og landbruksutvalet medan ho har permisjon. Også dette gjeld på Arbeidspartiet si liste.

Utmelding

I mars 2013 melde Sjur Atle Austrheim seg ut av Høgre. Oversiktene på sidene 4 og 5 er naturlegvis ikkje retta som følgje av dette sidan utmeldinga vart gjort i 2013.



Nytt i 2012: Lesebrett avløyste dei gamle papirsaklistene. I formannskapet med ryggen til Sjur Atle Austrheim. På andre sida av bordet Per Jarle Myklebust og Kristin Sandal. Foto. Jan Kåre Fure.

RÅDMANNEN HAR ORDET



2012 er historie. Å presentere hovudtrekka i eit aktivt og til tider hektisk år, er ei utfordring. Eg trur likevel at årsmeldinga vår gir eit godt bilete av breidda og omfanget i det mangfaldet av tilbodet og tenester som Gloppen kommune gir.

Marit Elisabeth Larssen har vore rådmann i Gloppen sidan februar 2008. Foto: Olav Fure.

Gjennom året har kommunen vore ein synleg tilrette-leggjar og aktiv deltakar i utvikling av Gloppen-samfunnet. Nokre døme som syner mangfaldet i dette engasjementet:

- Trivselshagen, byggjesteg 2: Symjehall og renovert Firdahall blei opna i august. Anlegget har vore ein braksuksess. Etter opninga har det vore stor aktivitet i alle delar av bygget, der eit mangfald av brukarar og organisasjonar har funne seg vel til rette
- Rockbingen ved Gloppen ungdomsskule som blei realisert etter initiativ frå Gloppen Ungdomsråd
- Idrettsanlegget i Hyen. Kommunen medverka, men det viktigaste bidraget sto bygda sjølv for gjennom ein omfattande og solid dugnadsinnsats
- Kunstgrassbanen på Reed i Breim. Kommunen medverka, men også her sto bygda sjølv for det viktigaste bidraget gjennom ein omfattande og solid dugnadsinnsats

Døma syner kva som er muleg å oppnå når kommune og frivillige organisasjonar trekker saman. Dei syner også at anlegg for fysisk aktivitet står høgt på lista når bygdene prioriterer. Dei anlegga som er bygd, blir tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og bidreg til å gjøre bygdene våre til gode bu- og oppvekstområde.

Fleire kommunale tenester flytte inn i nye lokale i 2012:

- Reed skule blei bygd om og skapt til Breim barnehage, eit anlegg som har tatt med seg det beste frå dei to tidlegare barnehagane i Breim: Teina med sitt hønseri og Byrkjelo med sitt veksthus/hagebruk
- Grandane senter, som er bygd på «ruinane» etter det gamle forkjøkkenet, huser legeteneste, tenestene for barn og unge (barnvern, PPT og helsestasjon), Sandane heimeteneste og rehabiliteringstenestene. Denne utbyggingen bidrog i tillegg til at kommunen sine innbyggjarar fekk tilgang til eit

nytt handelstilbod gjennom etablering av Europris, samt at Rema 1000 fekk flytte inn i nye, storee lokale. Utbygginga er eit døme på politisk handlekraft og vilje til å bidra med løysingar som har gitt kommunenesenteret eit positivt løft.

Samhandlingsreforma

Startskotet for Samhandlingsreforma gjekk 1. januar 2012. Dette er truleg den største kommunereforma som er gjennomført. Reforma skal bidra til ein reduksjon av samfunnet sine utgifter til helse- og omsorgsoppgåver. Kommunane har fått eit betydeleg ansvar for at reforma blir vellukka – både ved at vi er gjort ansvarlege for førebyggande arbeid, folkehelsearbeid og ved at kommunane skal vere med å finansiere drift av sjukehusa. Arbeid i tilknytning til samhandlingsreforma har sett sitt preg på 2012, spesielt for helse- og omsorgstenestene våre.

Grunnsteinen til samhandlingsreforma er idéen om at det einskilde menneske i større grad må ta ansvar for sitt eige liv, og gjennom levemåten sikre seg mot livsstilsjukdomar som følgjer av røyk, inaktivitet og dårlege matvanar. Utvikling av livsstilsjukdomar er eit veksande problem i alle lag av befolkninga og innan dei fleste aldersgruppene. Vi ser dei same trekka også i Gloppen.

For å bidra med kunnskap om kva som kan gjerast for å førebygge utvikling av livsstilsjukdomar og praktisk hjelp til å gjennomføre endringar av eigen livsstil etablert kommunen Frisklivssentralen i 2012. Sentralen er døme på eit folkehelsetiltak og skal vere eit tilbod til menneske som treng hjelp til å kome i gang med livsstilsendringar. Vi hadde glede av å få kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete til å opne Frisklivssentralen i Gloppen.

Næringsutvikling og busetnad

Strategisk næringsplan blei godkjent av kommunestyret i oktober 2012. Planen er no under iverksetting i nært samarbeid med Gloppen næringsorganisasjon.

Overskot også i 2012

Kommunen gjekk med økonomisk overskot også i 2012. Det er gledeleg, men trass i overskot syner likevel rekneskapen at vi har utfordringar knytt til drifta av kommunen. Driftsutgiftene er fir høge samanlikna med framtidige inntekter. Dei økonomiske utfordringane til kommunen kom tydeleg fram i løpet av hausten 2012 i samband med arbeidet med økonomiplanen for 2013 – 2016. Situasjonen er så alvorleg at det på slutten av 2012 blei sett i gang

arbeide med omfattande moderniseringsprogram, som skal bidra til å sikre kommunen ei sunn økonomisk utvikling i åra framover.


Medarbeidarane våre

Arbeidsinnsatsen i kommunen er høg. Vi har kompetente medarbeidarar som kvar dag bidreg til at kommunen leverer tenester av god kvalitet. Ein stor takk til alle som har bidrege til å gjere 2012 til eit godt år for brukarar og innbyggjarar i kommunen.



Ein lystig kommunalminister opnar Frisklivssentralen i Gloppe den 2. mars 2013 saman med ordførar Anders Ryssdal. Til venstre ser vi folkehelsekoordinator Åslaug Hause. Foto. Olav Fure.

ADMINISTRATIV ORGANISERING OG LEIING



Administrativ organisering ved årsskiftet i 2010/2011.

Organisasjonskartet må lesast slik: Namn som har ramme rundt seg er organisatoriske einingar medan namn som ikkje har ramme er funksjonar. Det er ikkje gjort endringar i organiseringa i 2012.

Leiing og leiilarar i Gloppen

Gloppen kommune er administrativt organisert etter ein tradisjonell sektormodell, med rådmannen på toppen, og med ein leiar for kva sektor. Sektorane er helse og omsorg, oppvekst, teknisk/landbruk og kultur. Sektorleiarane, pluss leiaren for NAV Gloppen, økonomisjefen, leiar for IT-avdelinga og sekretariat-sjefen utgjer saman med rådmannen den administra-

tive kommuneleiinga, som blir kalla rådmannen si leiargruppe. Nivået under sektorleiarane er *einingar*, med ein einingsleiar som sjef. Nivået under eininga er *avdeling*. Saman med rådmannen si leiargruppe utgjer einingsleiarane, landbrukssjefen, leiar for uteseksjonen og leiar for eigedomsavdelinga kommunen sitt *leiiforum*.

Ved årsskiftet 2012/2013 utgjer desse leiarforumet:

Rådmannen si leiargruppe:

Funksjon	Namn
Rådmann	Marit Elisabeth Larssen
Helse- og omsorgssjef	Ragnhild S. Eimhjellen
Kultursjef	Jan-Kjetil Øygard
NAV-leiar	Øyvind Hervik
Oppvekstsjef	Olav Fure
Sekretariatsjef	Jan Kåre Fure
Teknisk sjef	Kristine Dahl
Økonomisjef	John Morten Selsvik
IT-leiar	Eelco Schrama

Einingsleiarar/avdelingsleiarar:

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen*
Re/habiliteringstenesta	Re/habiliteringsleiar Beate O. Kornberg
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Gloppen omsorgssenter	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Åsavegen bu- og avlastningsteneste	Einingsleiar Petra Laurhammer
Heimetenesta Breim	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Heimetenesta Hyen	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Heimetenesta Sandane	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
Heimetenesta Gotatoppen	Einingsleiar Marit Horntvedt

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule	Rektor Tove Hanne Ommedal
Nordstranda skule	Rektor Thor Horntvedt
Sandane skule	Rektor Sverre Folkestad
Breim barnehage	Styrar Britt Glomnes Willumsen
Hyen barnehage	Rektor Tove Hanne Ommedal
Mona barnehage	Styrar Margrete Huus Fjellestad*
Gloppen opplæringssenter	Rektor Frode Fagerli
PP-tenesta	Dagleg leiar Hilde Nødset
Barnevernstestenesta	Barnevernsleiar Bjarte Gangeskar
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

Kultur	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kino/Fritidsklubben Blakken	Kinosjef og fritidsleiar Kjersti Rønningen
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Kristin W. Ose
Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken

Teknisk/landbruk	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Leiar Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbruksjef Jon Egil Vik
Uteseksjonen	Avdelingsingeniør Jostein Moldestad

* i vikariat eller mellombels tilsett.

MEDARBEIDARAR OG PERSONALPOLITIKK

Det blei utskrive 1.220 lønns- og trekkoppgåver i 2012. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontakter, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2012.

	Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	331	576	446
Menn	86	134	100
Sum	417	710	546

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal stillingar: Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

STILLINGSOVERSIKT

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner 1 – 51 % stilling	63	143
Menn 1 – 51 % stilling	7	20
Sum	70	163
Kvinner 52 – 99 % stilling	150	173
Menn 52 – 99 % stilling	9	11
Sum	159	184
Kvinner 100 % stilling	128	128
Menn 100 % stilling	71	71
Sum	199	199
Samla sum	428	546

I tala for 100 % stilling ligg også arbeidstakrar som med fleire delstillingar totalt har 100 % stilling. Det kan vere at vedkomande jobbar på fleire plassar eller at stillingane, t d ved teknisk avdeling, av budsjettmessige grunnar er delte i fleire småstillinger. Dette gjeld 36 personar fordelt på 22 kvinner og 14 menn.


SUM DELSTILLINGAR OG GJENNOMSNITTELEG

STILLINGSPROSENT

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	213	316	67
Menn	16	31	52
Samla sum	229	347	66

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2012 har kommunen 257 arbeidstakrar over 50 år og 172 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2011 var 270 og 178. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på det enkelte året:



Likestilling og deltid m m

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forpliktta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlingar. I 2012 var det lokale forhandlingar for alle kapitla i HTA. Likestillingsperspektiv var ikkje med i kriteria for lokale forhandlingar dette året.

Etter HTA § 2.3 er kommunen forplikt til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å redusere deltidsstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det blir jamt lagt vekt på å auke deltidsstillingar når det er mogleg.

.

GJENNOMSNITSLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	3	3,0	100,0	669.000
Toppleiarar	Menn	5	5,0	100,0	596.000
Kap 3.4.2	Kvinner	18	17,8	99,3	506.500
Einingsleiarar	Menn	9	8,5	94,4	624.500
Kap 4	Kvinner	428	313,7	73,3	385.500
	Menn	76	65,2	85,7	421.500
Kap 5	Kvinner	4	2,3	57,5	535.500
	Menn	12	9	74,6	520.500

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane. Kommuneoverlegen med høgare lønn er også på dette kapitlet
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

For å stimulere til å ta utdanning/vidareutdanning kan det ved lokale forhandlingar bli gjeve kr 20 000 for ei heilårsutdanning, kr 10 000 for ei halvt års utdanning og kr 5.000 for utdanning tilsvarande eit kvart år, dersom arbeidstakarane tek utdanning som er relevant for arbeidsgjevar. Hausten 2012 blei det gjeve utdanningstillegg til 12 arbeidstakarar for utdanning som m a eldremomsorg, miljøterapi, rettleiing, akuttsjukepleie, naturfag og tysk.

Gloppen kommune har, så sant vi får søkjavarar, tre unge lærlingar innan helsearbeidarfaget, ein institusjonskokklærling og ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget til ei kvar tid. I 2012 har vi også hatt ein IKT-læring.

Kommunen har hatt, og vil satse på å ha, tilbod om fagbrev til personalet i helse- og omsorg og til reinhaldarar.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMS-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset).

I 2011 blei fornying av HMS-arbeidet i kommunen starta opp. Dette arbeidet har halde fram i 2012. Alle kommunale prosedyrar og regelverk blir no innarbeidd i dataverktøyet KF-infoserie, i Gloppen kommune si personalhandbok. Leiarane har med dette fått eit lett tilgjengeleg verktøy i personal- og HMS-arbeidet. Kommunen har ei HMS-gruppe som arbeider med å førebu saker til arbeidsmiljøutvalet (AMU). I 2012 blei det mellom anna utarbeidd Overordna HMS-plan for Gloppen kommune. Det er også utarbeidd mange andre dokument, prosedyrar og skjema som er lagde inn i personalhandboka, t d

prosedyre og skjema til bruk ved vernerundar og ved risikoanalyse. Det står enno att ein del før dette grunnarbeidet er gjort.

Hovudverneombodet har vore rundt på mange av einingane og hatt møte med LAGa (lokale arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010, og begynner etter kvart å fungere godt.

Verneområda blei i 2012 utvida frå 19 til 23 område. Rådmannen og hovudvernombodet har fleire møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakarar (t d med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har framarbeidd sine eigne IA-delmål som ein del av IA-avtalen.

Bedriftshelseteneste (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. I 2012 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m a delteke i arbeidet med å lage ny HMS-handbok og deltek også i HMS-gruppa, i arbeids-

miljøutvalet og i AKAN-utvalet. I tillegg til at enkelte arbeidstakargrupper skal ha arbeidshelseundersøking kvart år, skal 1/3 av resten av arbeidstakarane ha slik undersøking.

BHT føretok risikovurderingar etter førespurnad på fleire område og set i verk tiltak.

Nærværssarbeid

I 2012 har nærværet vore på 93,2 % (6,8 % sjukefråvær og 0,7 % eigenmeldt). I 2011 var nærværet 93,7 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2010				2011				2012			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,7	0,8	3,7	5,3	0,7	0,6	4,9	6,3	0,6	0,5	6,0	7,1
Helse	0,7	0,5	5,7	6,9	0,8	0,9	5,4	7,1	0,7	0,8	6,1	7,6
Andre	0,7	0,6	4,8	6,0	0,7	0,4	3,3	4,4	0,6	0,2	3,3	4,2

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Gloppen kommune er IA-bedrift og har nært samarbeid med IA-rådgjevar i NAV arbeidslivssenter. IA-rådgjevar og bedriftshelsetenesta blir brukt aktivt i nærværss-arbeid. BHT deltek på dialogmøte i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakarar. Dei føretok også arbeidsplassstilrettelegging, underviser i ergo-

nomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om trening og kosthald m m.

Arbeidsmiljøutvalet gjorde vedtak i desember 2012 om å opprette ei arbeidsgruppe som skal arbeide med tiltak i einingar der sjukefråværet er spesielt høgt.

Gruppa er samansett av hovudtillitsvald, representantar frå bedriftshelsetenesta, Nav og konsulent frå rådmannens stab.

Organisasjonsutvikling

KS Lokal personalhandbok

Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet og blir fortløpende oppdatert ved endringar.

I 2012 held OU-gruppa (gruppa for organisasjonsutvikling) og HMS-gruppa fram arbeidet med å tilpasse lokale regelverk og rutinar til den sentrale malen i *KS Lokal Personalhandbok*.

Ou-gruppa (Arbeidsgruppa for organisasjonsutvikling)

Gruppa har arbeidt med tilsettingsrutinar og dokument til *Lokal personalhandbok*. Gruppa, som var samansett av representantar frå sektorar og stabar, hadde fem møte i 2012 og vart lagt ned i november etter oppstart av moderniseringsprogrammet.

HMS-gruppa

HMS-gruppa er samansett av hovudtillitsvald frå Fagforbundet, hovudverneombodet, leiar i BHT, personalrådgjevar og konsulent hos rådmannen. Gruppa har jobba med å oppdatere dokument på HMS-området og tilpassing av desse til *Lokal personalhandbok*.

Saman om ein betre kommune

Gloppen kommune kom i 2011 med i Kommunal- og regionaldepartementet sitt program «Saman om ein betre kommune». Det vart ikkje tilsett prosjektleiar før august 2012. Programmet set fokus på kompetanse og rekruttering. Oppfølging av Gloppen kommune sin kompetanse- og rekrutteringsplan står sentralt i arbeidet. Programmet er planlagt avslutta i 2015.

Kompetanse- og rekrutteringsplan

I desember 2011 starta arbeidet med å etablere ein kompetanse- og rekrutteringsplan, jf vedtak i administrasjonsutvalet. Planen, som er eit samarbeid med sektorleiarguppene, stabane og hovudtillitsvalde, vart vedteken av kommunestyret i juni 2012. Administrasjonsutvalet har fungert som høyringsorgan.

Det har vore arbeidt kontinuerleg i 2012 med å fornye regelverk innan personalområdet. Eksempel på dette er permisjonsreglement, reglar for tenestereise og kurs, brosjyre for nyttilsette og reglement for fleksibel arbeidstid.

Sektorane starta i 2012 arbeidet med handlingsplanar på sektornivå, basert på den overordna kompetanse- og rekrutteringsplanen. Handlingsplanane skal innehalde tiltak for å mobilisere eller rekruttere nødvendig kompetanse.

Leiarforum

Forumet har hatt to møte i 2012. Leiarforumet har og vore samla i leiarutviklingsprogrammet i løpet av året.

Kurs og opplæring

Her er oversikt over ein del lokale kurs og opplærings-tiltak som vart gjort i 2012. Hovudsakleg er det kommunen sine eigne tilsette som underviser på kursa.

Fra 2012 kjøper Gloppen kommune kurs i Office 2010 frå Firda vidaregåande skule, men det er eit mål på lenger sikt å utdanne eigne instruktørar også på dette området. Bedriftshelsetenesta er kurshaldar i førstehjelp.

På introduksjonsdagen for nyttilsette fekk om lag 20 nye kollegaer ein brei presentasjon av Gloppen kommune som arbeidsgjevar.

- Kommuneøkonomi for «ikkje-økonomar»
- Kontering/fakturabehandling
- Førstehjelp
- Personregistermateriale
- Introduksjonsdag for nyttilsette
- Bruk av kommunen sitt post/sak/arkivsystem (Web-sak) – fleire grunn -kurs og kurs for vidarekomme
- Bruk av tankekart (planleggingsverktøyet Mind Manager)
- Office 2010 – Word, Outlook, Excel
- Fagprogrammet Profil
- Prosjektleiing
- Opplæring av ikt-ansvarlege
- Opplæring i Betre Styring.

Moderniseringsprogrammet

Moderniseringsprogrammet vart oppretta som eit tiltak for å sette Gloppen kommune i stand til å handtere utfordringane dei komande 5 åra. Knappare tilgang på ressursar, endra krav frå samfunnet og ny teknologi set eit sterkare krav til kommunen om å endre og utvikle seg. Moderniseringsprogrammet vil söke å finne løysingar på desse krava.

Møte mellom leiing og tillitsvalde

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

AMU hadde 7 møte i 2012. Det vart handsama 27 saker.

Kontaktutvalet

Kontaktutvalet er eit samarbeidsforum mellom organisasjonane sine hovudtillitsvalde og rådmannen. Kontaktutvalet hadde to møte i 2012. Hovudtema har

vore økonomi og drøfting av aktuelle tiltak innan områda økonomi og organisasjon.

Administrasjonsutvalet

vart gjennomoppretta etter kommunestyrevalet i 2011. Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutvala i personal- og organiseringsaker.

Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris



Kommunen sin arbeidsmiljøpris for 2012 vart tildelt leiar for Jostein Moldestad. Moldestad fekk prisen overrekt på kommunestyremøtet den 18. mars 2013.

Det er arbeidsmiljøutvalet som tildeler prisen, og ordføraren stod for utdelinga i kommunestyret.

Foto: Jan Kåre Fure.

Grunngjevinga for tildelinga er:

- Etter lang og tru teneste på teknisk avdeling, har han medverka sterkt med sin faglege dyktighet i å bygge opp ei god teknisk avdeling og gode tekniske anlegg. Dette er til stor glede for Gloppen Kommune sine innbyggjarar og dei som arbeider på teknisk avdeling og skal drive anlegga
- Han møter alltid dei tilsette med entusiasme og godt humør. Dette smitter over på andre og skaper ein positiv glød og eit godt driv i avdelinga
- Han har også sett behovet for nytt og betre utstyr, som kan bidra til å eliminere skader og sjukdom og som dermed fører til lågare sjukefråvær.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Spinning kvar tysdag har vore ein av aktivitetane til aktivitetsgruppa. Foto: Mariann Brynestad Skaaden.

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette i STIL-stova, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med.

I tillegg har gruppa aktivitetsskjema for periodane juli – desember og januar – juni, der all fysisk aktivitet som varer minst ein time kan gjev utteljing, med eit gåvekort som premie.

MÅL OG RESULTAT FOR GLOPPEN KOMMUNE

I kommuneplanen for perioden 2008-2020 (vedteken av kommunestyret den 10. november 2008) har kommunen desse visjonane i dei ulike rollene:

- som tilretteleggar: - Vi skal gjere andre gode!
- som organisasjon: - Vi kan alltid bli betre!
- som tenesteprodusent: - Eg er offentleg tilsett – eg er her for å hjelpe deg!

KVA ER GJORT I 2012 FOR Å FØLGJE OPP DETTE?

Område	Tiltak i 2012
Tilrettelegging	<ul style="list-style-type: none"> - Som eitt av oppfølgingstiltaka i bustadsosial handlingsplan vart det gjennomført kartlegging av bustadbehov for unge personar med funksjonshemmning
Organisering	<ul style="list-style-type: none"> - Opning av Frisklivssentral, er ein arena for alle som ynskjer ei livsstilsendring
Tenesteyting	<ul style="list-style-type: none"> - Innføring av papirlause møte i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala - Opplæringsprogrammet "Demensomsorgens ABC" heldt fram i 2012 for å auke kompetansen hjå tenesteytarane i omsorgstenestene - Legesenteret flytta inn i nye, leigde lokale på Grandane - Breim heimeteneste flytta inn i tenlege administrasjonslokale leigde i Reed Senter - Plan for prosjektet «Kvardagsrehabilitering» var ferdig ved utgangen av året med Anita Eide Lothe som prosjektleiar - Samlokalisering av barnevern, helsestasjon og PPT på Grandane opnar for betre samordning av desse tenestene til barn og unge

ARBEIDSPROSESSAR

Gloppen kommune arbeider fortløpende for å auke kvaliteten på arbeidsprosessane og – viss det er råd – å gjere desse prosessane enklare. I 2012 har vi hatt fokus på:

Tiltak	Kva og kvifor...
Utskrivingsklare pasientar	Implementert nye rutinar for mottak av utskrivingsklare pasientar
Meldingsløftet	Prosjekt «Meldingsløftet steg 1» vart starta og avslutta i 2012. Meldingsløftet er eit elektronisk meldingssystem for meldingar mellom den lokale omsorgstenesta og legetenesta. Anita Eide Lothe var prosjektleiar

NØKKELTAL FOR GLOPPEN

Gloppen	2009	2010	2011	2012	Landsgjennomsnitt
Folketal per 31. desember	5.696	5.705	5.679	5.676	
Fødde i året	49	54	48	62	
Utrekna utgiftsbehov*	121,9	121,3	115,7	118,3	100
Skatteinntekt i mill. kroner	102,2	100,4	107,7	114,0	
Skatt i % av landsgjennomsnitt per innbyggjar	84,7	83,0	83	83,7	100
Eigedomsskatt i mill. kroner	6,5	12,2	12,6	12,7	
Netto driftsresultat i % av samla inntekter	5,2	6,9	2,6	4,7	
Kommunale investeringar i mill. kroner	54,8	91,2	36,9	46,9	
Fond i mill. kroner	22,1	36,9	60,6	65,1	
Sjukefråvær i kommunen i prosent	4,8	5,3	6,0	6,7	
Sjukefråvær i Gloppen	5,5	5,6	4,0	4,2	
Valdeltaking i prosent	78,7		70,4		76,4/64,5
Del med høgare utdanning	25,3	25,7	26,4	***	29,1**
Registrerte arbeidslause i prosent	0,9	1,1	0,9	0,9	2,4

* Kvar kommune har eit utgiftsbehovet i prosent av landsgjennomsnittet. Dersom behovet er over 100 % tyder det at kommunen er dyrare å drive enn gjennomsnittet. Dette kan t.d. skuldast mange eldre.

** Tal for 2011

*** Tal for 2012 ikkje klart.

TENESTEOMRÅDA

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet er samordna med tala i rekneskapsdokumentet. Det betyr at også tala i årsmeldinga blir presentert etter ansvarsområde.

OPPVEKST



Planarbeidet for ny formingsavdeling og universell utforming av Gloppen ungdomsskule starta opp i 2012. Saman med totalrenovering av Hyen skule, blir dette eit tungt økonomisk lyft for kommunen. Foto: Jan Kåre Fure.

Også i 2012 har det vore stor aktivitet i oppvekst-sektoren. På barnehageområdet har vi hatt ein liten overkapasitet, noko som førte til at mest alle som søkte om barnehageplass fekk det. Kommunestyret vedtok i budsjettetthandsaminga å stengje to avdelingar, ei i Mona og ei i Breim, noko som medførte at barn vart styrte mot dei private barnehagane. Dette gav nokre utfordringar, for søkera vart litt annleis enn det prognosane tilsa. At kommunen har plass og vilje til å tilby barnehageplass også til barn som ikkje har rett til det etter lov, er eit positivt signal å sende ut til potensielle tilflyttarar.

Rådmannen har gjennomført tilsyn med fire av dei åtte barnehagane i kommunen.

I samarbeid med PPT har det vore gjennomført språktesting (Askeladden) av alle treåringane og PPT har hatt systemmøte med rettleiing av barnehagane. Dette underbyggjer dei felles satsingsområda for barnehagane i kommunen: språk og fokus på vaksenrolla. Vaksenrolla har vore satsingsområde i heile

Nordfjord. Det har også vore arbeidd tværfagleg med eit prosjekt for å betre arbeid og system kring dei fleirkulturelle borna. Her har barnehage, skule, PPT, barnevern, NAV og Gloppen opplæringsenter samarbeidd og delt erfaringar.

Hyen barnehage har hatt normal drift heile året, men har synkande barnetal. Her har vi god plass til fleire born. Også i Mona barnehage har vi hatt bra plass i og med at ei avdeling har vore stengd på hausten. Her har vi rusta opp leikeplassen i avdeling Furestubben og gjennomført noko av naudsynt oppussing innomhus. Dette er no det einaste bygget kommunen brukar til barnehage som ikkje framstår som rimeleg nytt/nyoppussa.

Den største hendinga på barnehagefeltet dette året er likevel opninga av Breim barnehage i tidlegare Reed skule. Her har kommunen fått eit praktanlegg, både inne og ute. Denne barnehagen arbeider aktivt med entreprenørskap, og det står att å montere opp drivhuset før entreprenørskapsområdet er ferdigstilt.

I samarbeid med Breimsbygd idrettslag har kommunen fått ein romsleg parkeringsplass som tener både barnehagen og stadionområdet. Barnehagen får også fritt bruke idrettsanlegget.

Sjølv om det er svært mykje positivt å melde frå barnehagefeltet, er det likevel rett å peike på nokre utfordringar. Det er no svært tydeleg at det blir stadig vanskelegare å skaffe kompetente barnehagelærarar. Når stillingar vert lyste ut, er det ofte ingen søkerarar med formell utdanning som oppfyller krava. Denne utfordringa gjeld for så vidt heile landet, og det er difor viktigare enn nokon gong å motivere unge med interesse for å jobbe med born til å utdanne seg til barnehagelærarar.



Lesestund i barnehagen. Det blir stadig vanskelegare å skaffe kompetente barnehagelærarar. Foto: Neneth Eide.

Vi har også utfordringar med høgt sjukefråvær mellom dei tilsette i barnehagane, og det er svært vanskeleg å få fatt i vikarar. Barnehagane er opptekne av å ha god kvalitet, og for å få god kvalitet er det to kritiske suksessfaktorar: kompetanse og tid. I tillegg arbeider vi med å verte betre på tverrfagleg samarbeid. Tidleg innsats/førebygging er krevjande, men lukkast vi med det er vinsten høg både for borna det gjeld og samfunnet.

Alle skulane i kommunen deltok i Utdanningsdirektoratet si satsing på VFL (vurdering for læring) i 2011, med det som mål at lærarane skulle få tilført kompetanse slik at dei gjev vurderingar som gjer at barna lærer betre. I 2012 har det vore arbeidd med å etablere ein vurderingspraksis og –kultur som er i samsvar med vurderingsforskrifta.

Vi har fått installert ein datakrok med 20 PCar ved Sandane skule og fått på plass fleire digitale tavler. Det har også vore kjøpt inn eit par nye pulsett, men her står det att mykje på fleire skular. Alle skulane deltek i Trivselssleiarprogrammet, og dette ser ut til å ha positiv effekt på friminuttsaktivitetane. Breim og Nordstranda skular er i gong med PALS (positiv

atferd, støttende læringsmiljø og samhandling) med støtte frå StatPed Vest. Desse skulane arbeider etter eit program der skulemiljø og læring skal styrke kvarandre.

Gloppen ungdomsskule utmerka seg ved å vere ein av dei skulane i fylket med minst mobbing ut frå resultata i elevundersøkinga.

Av forbetringer i det fysiske miljøet ved skulane er det berre ventilasjonanlegg (gymsal, garderobar og musikkrom) ved Sandane skule det har vore rom til å gjere noko med dette året. I tillegg er det bygt ei lita reiskapsbod til SFO ved same skulen. Det er starta planlegging av formingsavdeling og universell utforming av Gloppen ungdomsskule og totalrenovering av Hyen skule. Begge desse prosjekta er tunge økonomiske lyft for kommunen.

I Hyen er idrettsbana oppgradert, noko som også kjem skulen og barnehagen til gode. Skulen fekk også endeleg fiber på plass i januar 2012, noko som endeleg starta ei ny tidsrekning for korleis dei kan drive undervisning ved skulen. Det bør også nemnast at Hyen skule fekk pris under Q-film! Også andre skular markerer seg på kulturfronten, Sandane skule med sin kulturveld som fylte kultursalen to gongar og Nordstranda skule med oppsetninga av Putti-Plutti-Plott.

Ungdomsskulane er i gong med Ny Giv, eit program som er eit styrka tilbod på våren for tiande-klasse-elevar i risikosona for ikkje å lukkast i vidare-gåande skule. Dette programmet tilfører også skulane viktig kompetanse på didaktikk- og metodikkfeltet. Vi ser også i skulane at søkerlistene er korte og at det er vanskeleg å skaffe vikarar. Ungdomsskulen prøver ut samarbeid med Firda vidaregåande om lærarressursar, eit samarbeid som vonleg kan komme begge partar til gode. Firda, Hyen og Gloppen ungdomsskule hadde også ein felles kursdag i Dialogmetoden denne hausten. Denne metoden har fokus på korleis vi møter kvarandre som elevar og lærarar.

Vaksenopplæringa (GOS) har arbeidd svært godt og ser ut til å ha økonomien under kontroll. Som økonomitabellen viser leverte dei eit solid mindre-forbruk. Eininga har dette året sett ny elevtalsrekord med 61 elevar frå 18 land. I tillegg har dei selt norsk-kurs for arbeidsinnvandrarar på Skei. Eininga har behov for betre lokalitetar anten gjennom omfattande renovering av noverande lokale eller flytting til andre tenlege lokale. Dei tilsette er svært opptekne av kvar GOS blir lokalisert i framtida, og ynskjer ei rask avklaring.

PPT, barnevern og helsestasjonen flytta inn i andre høgda på Grandane på forsommaren 2012. Desse einingane har hatt høg produksjon, og har arbeidd svært godt også i 2012.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik netto	Avvik I %	Merknad
Førskule	32 411 266	29 576 000	2 835 266	9,6 %	1
Grunnskule	56 241 128	56 496 000	-254 872	-0,5 %	
Styrka tilbod til førskulebarn	2 934 630	2 533 000	401 630	15,9 %	2
Vaksenopplæring	1 954 497	2 617 000	-662 503	-25,3 %	3
Skulefritidstilbod	1 077 725	1 112 000	-34 275	-3,1 %	
Førskulelokale og skyss	5 731	0	5 731	-	
Skulelokale	2 010 106	2 769 000	-758 894	-27,4 %	4
Skuleskyss	2 532 929	2 445 000	87 929	3,6 %	
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	2 613 090	2 554 000	59 090	2,3 %	
Barneverntenesta	2 054 336	1 888 000	166 336	8,8 %	
Barneverntiltak i familien	229 004	418 000	-188 996	-45,2 %	5
Barneverntiltak utanfor familien	1 716 518	2 264 000	-547 482	-24,2 %	6
T O T A L T	105 780 960	104 672 000	1 108 960	1,1 %	

* - er lik mindreforbruk

1. Avviket skuldast at dei private barnehagane har krav på meir enn 3.000.000 meir enn budsjettet
2. Meirforbruket skuldast fleire barn med trond for og rett til spesialpedagogisk hjelpe i barnehagane
3. Avviket skuldast fleire førskulebarn med rett til styrka tilbod etter opplæringslova kom til etter at budsjettet var laga
4. Mindreforbruket på denne tenesta kjem av at rekninga frå Trivselshagen IKS vart mindre enn budsjettet, mellom anna grunna forseinka ferdigstilling av badeanlegget
5. Mindreforbruk skuldast i all hovudsak mindre kjøp av statlige hjelpe tiltak grunna utnytting av eigen kompetanse/kapasitet i kommunen og mindre bruk av støttekontakt/avlastning enn det som er budsjettet. Her vil det vere svingingar frå år til år i høve behov. Vi har lagt oss på ei meir restriktiv linje enn tidlegare, då vi ser at over tid vil slike tiltak lett føre til «hjelpeavhengigkeit»
6. Ansvarsområdet er svært hendingsstyrt og vanskeleg å budsjetttere. Vi må difor pårekne store svingingar i driftskostnader frå år til år. Mindreforbruket dette året skuldast reduksjon i kjøp av institusjonsplassar og god drift ved Annekset (bueininga for mindreåring asylsøkjarar).

Investeringar i 2012



Teine hønseri kjem på plass ved den nye barnehagen på Reed. Foto: Britt Willumsen.

Sjølv om det aller meste av arbeidet som vert gjort i sektoren kan sjåast som investering, er det i rekneskapsamanhang i hovudsak nybygg, kostbart utstyr, store renoveringsjobbar og infrastruktur som blir rekna som investering. IKT-investeringane har halde fram, og dei fleste skulane har no fått fleire digitale tavler. Dette er verktøy vi gjerne skulle rulla ut i full skala, men budsjettet dette året gav ikkje rom for det. Hyen skule har også endeleg fått på plass fibersamband. Breim og Nordstranda skular er no dei einaste skulane som ikkje har fiber.

Den tunge investeringa i sektoren dette året har vore ombygginga av Reed skule til Breim barnehage. Vi ser mange stader at bygga vi har ikkje er utforma i samsvar med det som i dag vert kalla

universell utforming, noko som gjev oss utfordringar i møte med elevar eller andre som har trong for fysisk tilrettelegging. Døme på utfordringar som må løysast innan rimeleg tid er formingsavdeling og universell utforming ved Gloppe ungdomsskule,

renovering av Hyen skule, permanent lokalisering for Gloppe opplæringssenter og arbeidsforholda for lærarane ved Nordstranda skule.

Statistikk og tendensar

I KOSTRA, GSI (GrunnSkolens Informasjonssystem) og Skoleporten ligg det mykje statistikk for sektoren tilgjengeleg for den som vil lese det. Vi presenterer her kort nokre tendensar henta derfrå og frå eigne data.

- Grunnskulen i Gloppe har dårlegare lærardekning (elevar per lærar) i ordinær undervisning enn gjennomsnittet for fylket, men ligg om lag på landssnittet

- Tal tilmeldingar til PPT er meir enn dobla dei siste fem åra, men spesialundervisninga har ikkje auka
- Elevane som gjekk ut av Gloppeksulen våren 2012 hadde gjennomsnittleg fleire grunnskulepoeng enn snittet i landet og ligg på snittet for Sogn og Fjordane fylke
- Jentene hadde gjennomsnittleg tre grunnskulepoeng meir enn gutane denne våren
- Kommunen har hatt kapasitet til å tilby alle som ynskjer det barnehageplass.

Spesielle hendingar i 2012

- Reed skule var ferdig ombygd og teken i bruk av Breim barnehage
- Barnevernenesta, helsestasjonen og PPT flytte saman i nye lokale i 2. etasje på Grandane (over legesenteret)
- PPT har i samarbeid med barnehagane kartlagt språkutviklinga til alle treåringane i kommunen
- Ny leiarar er tilsette ved PPT og helsestasjonen

- Nordstranda og Breim skular er PALS*-skular

* PALS står for Positiv Atferd, Støttende Læringsmiljø og samhandling.

Utvikling over tid

GJENNOMSNITTELEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Netto driftsutgift (i 1.000 kr)	***	53 644	55 594	51 692	51 480	48 126	44 567	42 952
Elevtal*	743	772	772	752	751	777	783	811
Kostnad per elev**	***	90 885	89 094	89 918	85 797	79 248	72 405	69 892
Endring i % frå året før	***	2,0	- 0,9	4,8	8,2	9,5	3,6	6,1

* Tal frå GSI

** Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skolelokale og skuleskyss, per elev)

*** KOSTRA-tala for 2012 er ikkje klare p.g.a. for sein innrapportering av rekneskapstala.

1. august 2009 vart nokre av barneskulane slegne saman slik at strukturen vart endra frå 9 grunnskular til 5. Dette medførte, trass i gode lønnsoppgjer, at vi fekk bremsa utgiftsveksten monaleg i 2009 og har full effekt av tiltaket i 2010. I netto driftsutgift ligg berre kostnader til undervisning, medan det i kostnad per elev også ligg utgifter til skolelokale, SFO, og skuleskyss. Derfor aukar kostnaden per elev sjølv om nettoutgifta til undervisning går ned.

KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Netto driftsutgift (i 1.000 kr)	**	26 268	6 408	2 538	1 305	2 428	1 604
Talet på barn i kommunale barnehagar	170	180	207	220	195	184	189
Talet på barn i alle barnehagar	293	287	320	314	291	302	276
Kostnad per barn*	**	135 103	132 441	115 367	101 691	101 723	87 770

*Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage). Den dramatiske auken i nettoutgift for tenesta samla skuldast staten si omlegging av finansieringssystemet av barnehageområdet. Frå 2011 er statstilskotet til barnehagar ein del av rammetilskotet, og blir ikkje inntektsført på barnehagane.

** KOSTRA-tala for 2012 er ikkje klare p.g.a. for sein innrapportering av rekneskapstala.

Kommunen har no tre kommunale og fem private barnehagar.

PPT

PPT-kontoret har som tidlegare år arbeidd godt. Saksmengda har ikkje vore større så langt attende vi har statistikk. Innsatsen kontoret gjer kring om i skule og barnehage har mykje av æra for at kommunen har lite spesialundervisning. Lærarar og andre som arbeider tett på barna får oppfølging og rettleiing slik at dei ivaretak barna sine behov for tilrettelagd undervisning gjennom tilpassa opplæring. I samarbeid med barnehagane i kommunen har kontoret mellom

anna føreteke språkkartlegging av alle 3-åringane og gjeve den enskilde barnehagen råd om korleis dei skal arbeide for å auke det språklege medvitet hos barn i førskulealder. Aslaug Moen gjekk av med pensjon etter mange år som leiar denne sommaren, og Hilde Nødset tok over. Etter skiftet av PPT-leiar, har trøngten for logopedtenester vorte synbert, sidan kontoret ikkje lenger har denne kompetansen.

Helsestasjonen

Kommunen fekk på plass kommunepsykolog frå mars dette året. Rett nok berre i delstilling i starten, men med ein plan om opptrapping. Psykologstillinga er delfinansiert gjennom tilskotsordning og er ikkje ein del av helsestasjonen, sjølv om samarbeidet er tett. Psykologen si timebok dokumenterer at dette er eit sårt tiltrengt tilbod.

I vårhalvåret rakk ikkje helsestasjonen over alt arbeidet som er skissert i veiledaren grunna ei vakant helsesøsterstilling. I tillegg flytte dei inn i nye lokale på Grandane. Berit Sagen slutta ved årsskiftet og Gerd Heimsæter Aa tok til i stillinga som leiande helsesøster 1. mai Helsestasjonen søkte og fekk tildelt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet denne våren. Dette gjorde at helsestasjonen i hausthalvåret i tillegg til å få tilsett som planlagt i den vakante stillinga, fekk inndeckning for ei ekstra helsesøsterstilling dette halvåret.

Jordmor valde å søkje permisjon for å arbeide ved Nordfjord sjukehus, noko som medførte at vi måtte kjøpe jordmerteneste derfrå for å stette krava. Grunna manglande kapasitet ved Nordfjord sjukehus var dei som skulle ha svangerskapskontroll diverse nøydde til å reise til Nordfjordeid.

Dei tilsette ved helsestasjonen er aktive og arbeider med å halde seg oppdaterte på psykisk helse og ulike problemstillingar knytte til kosthold og ernæring. Dette er viktige område med tanke på barn og unge, og at helsestasjonen også har ansvaret for elevane ved Firda vidaregåande skule. Det blir arbeidd med grupper både for foreldre med småbarn og skule-elevar i ulike aldrar. Mellom anna gjennom helsestasjon for ungdom får helsestasjonen kontakt med ungdom som har ulike problemstillingar dei ynskjer å drøfte, men manglar samtalepartnar til.

Barnevernet

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Talet på saker	62	57	69	57	51	38	37	36
Hjelpetiltak	55	51	63	52	44	31	30	28
Fosterheimar (barn under omsorg)	13	9	9	9	7	7	7	8
Institusjon	2	1	1	0	0	0	0	0
Barn over 18 år	13	17	9	3	4	1	2	5

Tabellen viser ei oversikt av saker i løpet av driftsåret. Ei sak er her definert som barn med tiltak. Oversikta gjev ikkje eit fullstendig bilet av drifta i barnevernstenesta. M.a. viser ikkje tabellen tal undersøkingar utan tiltak, tilsyn i fosterheimar, adopsjonsaker, generell råd og rettleiing og ulik

utadretta verksemd. Det reelle aktivitetsnivået er med andre ord monaleg høgare enn det som går fram av tabellen.

Tal fosterheimar inkluderer plasseringar etter barnevernslova § 4-4, 5.ledd (med samtykke), desse blir registrerte som hjelpetiltak då kommunen

formelt ikkje har teke over omsorga. Inkludert i tala er og tre akuttplasseringar i beredskapsheim.

Det same gjeld for ei av sakene i samband med institusjonsplassering. Dette er årsaka til at tal hjelpetiltak og fosterheim/institusjon ikkje blir det same som talet på saker når desse blir lagt saman.

Det høge talet barn over 18 år skuldast mottak av einsleg mindreårige asylsøkjarar og fleire "ettervern-saker" i høve barn som er flytta ut av omsorgstiltak. Det er verdt å merke seg at dette er tal barn i løpet av året og altså ikkje slik at vi på ein "teljedato" har tiltak på 13 barn over 18 år i barneverntiltak.

Den store auken i sakstal frå 2004 til 2012 er tilsvarende på landsbasis og derfor ikkje noko spesielt utviklingstrekk for Gloppen. Det er òg grunn til å tru

at stabil bemanning og medvite arbeid inn mot sentrale samarbeidsaktørar òg er med og påverkar utviklinga av sakstala. Dette slik at vi får fleire saker der tidleg intervension hindrar meir alvorlege inngrep. M.a.o. er det ikkje slik at fleire saker treng å bety auka kostnader dersom vi ser ting i eit litt større perspektiv enn eit budsjettår og eige tenesteområde.

2012 har vore eit spesielt hektisk år for barnevernstenesta med mange saker for fylkesnemnda. Dette er ressurskrevjande og konfliktfylte saker å jobbe med. At ein likevel har klart å halde seg innanfor budsjettet, heng saman med at det og har vore ein del saker der omsorgsvedtak vert avslutta, m.a. fordi fosterbarn flyttar ut og skal bu for seg sjølv.



Dei tilsette i barnevernstenesta, på helsestasjonen og i PPT, som i 2012 vart samlokalisertye i nye lokale på Grandane. Her møter vi bak frå venstre: Gerd Heimsæter Aa (leiane helsesøster), Anne-Lise Karlsen (helsestasjonen), Gerd Ynnesdal (barneverntenesta), Hennie K. Børset (helsestasjonen), Hege Tunestveit (barneverntenesta) og Bjarte Gangeskar (leiar barneverntenesta). Framme fra venstre: Anita Sørpoll (reinhaldar), Liv Rønneklev (barneverntenesta), Herdis Bergset (kommunepsykolog), Laila Berg (PPT), Unni Lundgren (PPT), Hilde Nødset (leiar PPT) og Margot Gimmestad (helsestasjonen). Foto: Linda Eide.

HELSE OG OMSORG



Sommaren 2012 flytta Breim heimeteneste inn i nye leigde administrasjonslokale i Reed Senter. Lokala er romslege og er eit stort framsteg frå dei små og uhøvelege romma i Reedtunet. Rundt bordet f.v. Julianne Stokke, Katrin Kleppe, Synna Hettle Asheim, Astrid B. Sæthre, Marit G. Våtevik og Kristin Kandal Ramslien.

Foto: Ragnhild S. Eimhjellen.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik netto	Avvik i %	Merknad
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	186 524	172 000	14 524	8,4 %	1
Anna førebyggande helsearbeid	-42 682	15 000	-57 682	-384,5 %	2
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	3 779 716	3 620 000	159 716	4,4 %	
Diagnose, behandling og re/habilitering	15 346 846	14 256 000	1 090 846	7,7 %	
Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid	3 597 592	3 764 000	-166 408	-4,4 %	
Tilbod til personar med rusproblem	3 300	20 000	-16 700	-83,5 %	
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	20 300 905	19 916 000	384 905	1,9 %	
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	88 262 383	88 481 000	-218 617	-0,2 %	
Kommunalt disponerte bustader	526 859	443 000	83 859	18,9 %	3
Kommunale sysselsetjingstiltak	827 025	798 000	29 025	3,6 %	
Introduksjonsordninga	2 670 848	2 233 000	437 848	19,6 %	4
Kvalifiseringsprogrammet	496 976	1 142 000	-645 024	-56,5 %	5
Økonomisk sosialhjelp	3 116 024	2 800 000	316 024	11,3 %	6
T O T A L T	139 072 317	137 660 000	1 412 317	1,0 %	

* - er lik mindreforbruk

Merknader:

1. Grunnen til meirbruken er lønnsauke for fysioterapi på helsestasjonen og i skulehelsetenesta
2. Her er ført tilskotet til Støttegruppa 22. juli i Sogn og Fjordane, 90.000 og mottak for seksuelle overgrep, 46.000 finansiert frå disposisjonsfondet og bunde fond.
3. Her er det eit meirforbruk på 84.000, det gjeld vedlikehald av kommunale bustadar.
4. Introduksjonsordninga for ny-tilkomne flyktningar: Overforbruk på 20 %, tilsvarande kr 337.848,-. Grunnen til dette er at vi har hatt fleire i programmet enn det vi planla på budsjetteringstidspunktet. Forbruket på

- tenesta avheng av kor mange flyktningar vi tek imot i løpet av året, og når i året dei kjem. Vi kan sjå denne tenesta opp imot motteke integreringstilskotet, der vi i 2012 hadde ei meirinntekt på kr 632.000,- i forhold til budsjettet
5. Kvalifiseringsprogrammet: Mindreforbruk på 66 %, tilsvarende kr 645.024,-. Grunnen til dette er at vi har hatt færre søkerar til programmet enn budsjettet
 6. Økonomisk sosialhjelp: Overforbruk på 11,3 %, tilsvarende kr 316.024,-. Utgiftene er fordelt på totalt 108 mottakarar. Budsjettposten er vanskeleg å budsjetttere då det er mange faktorarar som påverkar resultatet. Sjølv om vi fekk eit meirforbruk i 2012 har likevel utgiftene til sosialhjelp blitt kraftig redusert i forhold til 2011.

Investeringar i 2012

2012 . Arbeid med ombygging i Åsavegen 143, 147 og 149 var kome om lag halvvegs i 2012. Dette gjeld ombygging av brukarhusvære og administrasjons-

lokale for å forbetre personalrom, garderobe og kontorlokale. Arbeidet er hovudsakleg utført av vaktmesterane.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

25 plassar ved Gloppen omsorgssenter, første etasje. Dette omfattar 8 langtidsplassar, 6 plassar til rehabilitering og 11 plassar til korttid/avlasting.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet

68 bustadar på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet

50 bustadar fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Bustad utan fast bemanning

39 bustadar, 2 av dei i Breim, resten på Sandane.

Avlasting for born/unge

4 avlastningsplassar på Solsikka barneavlasting, institusjon.

Spesielle hendingar i 2012



Foto. Ragnhild S. Eimhjellen.

I mai 2012 tok vi i bruk dei nye lokalene til m.a. legekontoret og barnevernstenesta på Grandane. Under ein liten pause i innflyttings-sjauen ser vi framme f.v. Eirunn Arnestad Sidsel Lofnes Hauge, Svanhild L. Solheim, Tordis Sande og Bjørn Roth Anderæs. Bak f.v., Benny Ø. Hansen, Hallvar W. Sele, Thomas Hebard, Daniel Habashi, Liv Rønneklev, Bjarte Gangeskar og Herdis Bergset.

Nye lokale

2012 har vore spesielt med at så mange tilsette har fått nye og tidhøvelege lokale på ein gong. Det nye er også at dei fleste av desse lokala er leigde og husleige vil vere ein del av driftsutgiftene.

Legetenesta flytta i mai inn i nye lokale leigde hjå Sandane handelseigedom på Grandane. Legetenesta og innbyggjarane har fått moderne, lyse og romslege lokale.

I løpet av sommaren flytta Breim heimeteneneste inn i nye leigde administrasjonslokale i Reed Senter. Lokala er romslege og er eit stort framsteg frå dei små og uhøvelege romma i Reedtunet.

På Grandane heldt arbeidet på for fullt med lokal til rehabtenesta og Sandane heimeteneneste med innflytting rett over nyttår. I kommunal samanheng må det seiast at dette prosjektet har hatt ei rask framdrift med vedtak i juni og innflytting ved årsskiftet.

2012 vart difor eit år der det skjedde svært mykje for å ha moderne lokale som tilfredsstiller krava til arbeidsmiljøet for dei tilsette. Samtidig legg lokaliseringa av legetenesta, PPT, helsestasjonen, barnevernet, psykolog og rehabtenesta og Sandane heimeteneneste i same bygg til rette for tverrfagleg samarbeid. Tannhelsetenesta har også fått lokale i bygget.

Etisk kompetanseheving

Frå våren 2011 kom helse- og omsorgstenesta med i prosjektet *Etisk kompetanseheving* og prosjektet varer til ut i 2013. Prosjektet involverer Sandane heimeteneneste, Gotatoppen og Gloppe omsorgssenter. Målet er å bygge opp etisk kompetanse og gjennomføre av refleksjonsgrupper på einingane. Gruppene arbeider godt. Det er også valt brukarrepresentantar til medlemmer i ei referansegruppe for prosjektet.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen vart høgtideleg opna av kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete i mars. Frisklivssentralen er ein arena for alle som ynskjer ei livsstilsendring. Her møter du rettleiarar som kan gje deg råd og legge til rette for aktuelle aktivitetar.

Ønskjer du til dømes endring og oppfølging i forhold til kosthald, fysisk aktivitet eller tobakk, er du velkommen innom til ein prat.

Folkehelse

Grunnmodell Gloppe er eit omgrep som har blitt utvikla over tid og blir brukt no for å seie noko om kommunen sine oppgåver i høve til innbyggjarane som er sjølvgåande, dei som treng tenester i ein kortare fase og dei som har varige tenestebbehov.

Modellen bygger på at den einskilde har ansvar for eige liv og kommunesamfunnet sitt ansvar for tilrettelegging og planlegging for å fremje helse.

Kvardagsrehabilitering

Prosjektplanen vart ferdigstilt i 2012 og prosjektet startar straks. Målet er å få ei haldningsendring hos folk flest, blant brukarar, pårørande, tilsette og leiing rundt behovet vårt for å ta ansvar for eige liv og oppretthalding av kvardagsaktivitet. Vi skal utsette behovet for tradisjonelle, langvarige og kostnadskrevjande helse- og omsorgstenester i tråd med *Grunnmodell Gloppe* gjennom auka livskvalitet og eigenmestring for brukar/pasient og frigjorde ressursar til andre sentrale helse- og omsorgsoppgåver.



Prosjektleiar for kvardagsrehabiliteringa er Anita Lothe. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

Meldingsløftet

Oppgåva til prosjektet var å innføre system for elektronisk samhandling mellom legetenesta og helse- og omsorgstenesta i Gloppe kommune.

I mai 2012 vart prosjektgruppa konstituert og i mars 2013 vart dei første meldingane sende mellom legetenesta og omsorgstenesta. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt for Nordfjordkommunane leia av Stryn kommune som pilot. Det vart laga interne rutinar både i helse og omsorg og på legesenteret for elektronisk meldingsutveksling og gjennomført opplæring av om lag 70 tilsette. Prosjektet var krevjande i høve til ressursbruk og i høve til den lokale IKT kompetansen på dette feltet. Prosjekt-leiar og gruppa har utført eit svært godt og viktig arbeid for å sikre kvaliteten på pasientdokumentasjonen.

Samhandlingsreforma

Rutinane for utskrivingsklare pasientar er implementerte i organisasjonen. *Prosjekt for utskrivingsklare pasientar* der Gloppe var representert, vart avslutta ved utgangen av 2012. Gloppe har i 2012

betalt for seks døgn der vi ikkje har kunna ta i mot pasienten innan fristen. Før meldingsløftet er kome i gang mellom helseføretaket og den kommunale helsetenesta har kommunen og sjukehusa utfordringar i høve til effektiv utveksling av opplysningsar omkring desse pasientane. I dag er telefon det viktigaste hjelpemiddlet.

Samhandlingsbarometeret er eit prosjekt som Gloppen ved kommuneoverlegen har vore representert i. Dette er ein lett tilgjengeleg kunnskapsbank for samhandling mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde. Det er planar om å vidareføre dette med finansiering frå kommunane og Helse Førde.

Gloppen var med i prosjektgruppe for *Samfunnsmedisin i Nordfjord*. Utgreiinga var ferdig i løpet av året og kommunane skulle vedta å gå inni felles ordning for samfunnsmedisin i Nordfjord eller ikkje. I Gloppen vart det vedteke å ikkje knyte seg til ordninga, men fordele samfunnsmedisinoppgåvane innanfor eksisterande ressursar på kommuneoverlege, teknisk m.m.

Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald. I 2012 vart det oppretta prosjektgruppe for å planlegge Gloppen si plikt til øyeblikkeleg hjelp døgnopphald. Frå 2016 har kommunen plikt på seg til å syte for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Plikta gjeld berre for dei pasientar og brukarar som det er mogeleg for kommunen å utgreie, bahandle eller yte omsorg til.

Kompetanse

Tolv høgskuleutdanna i sektoren, hovudsakleg sjukepleiarar er i gang med ulike vidareutdanningsar, To er i gang med sjukepleiarutdanning. I tillegg deltek 30 personar på opplæringsprogrammet *Demensomsorgens ABC* leia av det lokale demensteamet.

Personale viser stor interesse for kompetanse-auke trass i at kommunen ikkje tilbyr den store økonomiske kompensasjonen under desse utdanningane. Vidareutdanningane fordeler seg på akuttsjukepleie i kommunehelsetenesta, helse-søsterutdanning, psykisk helse, sår, diabetes, operasjon og intensiv. Dei tilsette skal ha honnør for innsatsen for å auke kompetansen på viktige område.

Beredskapsarbeid

I etterkant av uværet «Dagmar» i jula 2011 er det gjort eit arbeid i Hyen spesielt for å sikre lokal organisering i ein krisesituasjon. Dei kommunale instansane; heimetenesta, skulen og brannvesenet har gått saman med frivillige organisasjoner i bygda for å lage ein lokal plan der systemet med bygdekontaktar inngår for å samordne den frivillige og kommunale innsatsen. I Breim vert det gjort eit liknande arbeid. På den praktiske sida er det skaffa alternative lyskjelder og varmekjelder ved straumbrot for dei ulike bufellesskapene i samarbeid med vaktmeisterane og brannvernet. Satellittefonar er plasserte på Sandane, Hyen og Breim.

Utvikling over tid

Teneste	2012	2011	2010	2009
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	354	376	377	368
Mottakarar av støttekontakt	73	65	59	54
Mottakarar av omsorgslønn	11	11	10	10
Bebuarar i bustadar disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	152	148	148	110
Bustadar med bemanning heile døgnet	65	65	61	28

KOSTRA-tal per 31. desember.

Her er det å merkle seg at tal pasientar og brukarar av heimetenester går ned og det samsvarar med prognosane for alderssamansettinga framover mot 2023. I dei tider stig tala og det vil påverke tal brukarar/pasientar. Det er også verd å merkle seg at inni desse tala for hjelpeuttakarar varierer gruppa mellom 18 år og 66 år frå 2009 med 93 personar til 2012 med 81 personar. Dette er ei gruppe der dei fleste mottek stort omfang av tenester.

Utvikling i liggedøgn

	2012	2010	2009	2008
Korttid/rehab.	4.726 (75,96 %)	5.488 (88,44 %)	5.851 (94,29 %)	5.681 (91,56 %)
Langtidsplassar	2.769 (94,57 %)	2.867 (89 %)	2.909 (99,62 %)	2.857 (97,84 %)

For korttids- og rehabiliteringsplassane er det ein tydeleg tendens til at det har vore brukt færre plassar dei siste to åra.

TEKNISK, EIGEDOM OG LANDBRUK



I oktober 2012 kunne vi ta i bruk den nye utekningsbilen til branntjenesta vår. Det er ein Toyota Landcruiser med m.a. to røykdykkarsete og i tillegg til det obligatoriske med blålys og sirene, sambandsutstyr og LOCUS navigasjonssystem som gjer at alarmsentralen (110) kan legge inn adresse på brannmeldar direkte. Også nærmeste brannkumme og hydrantar blir viste. Dette gjev kortare innsatstid og betre redning.

Teknisk og landbruk opplevde i 2012 både leiarskifte og endringar i arbeidsoppgåvene i avdelinga. Teknisk sjef Einar Holmøy gjekk sommaren 2012 av som teknisk sjef og brannsjef. Kristine Dahl vart tilsett i stillinga som teknisk sjef etter Holmøy. Runar Kleppe overtok stillinga som brannsjef.

Avdelinga har investert i ny plottar, noko som m.a. gjer at vi no kan innføre fullelektronisk saksbehandling også for eigedomsarkivet.

Kristine Dahl vart tilsett som teknisk sjef i Gloppen etter at Einar Holmøy gjekk av med pensjon i 2012. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Bilen kosta 877.000,- kroner, pluss tilleggsutstyr på 237.000,-, men fritak for eingonsavgift og momsrefusjon gir oss bilen til under 600.000,-.

Karane våre er f.v. Kjell Aske, Svein Ove Langeteig, Ivar Skeistrand, Arne Mykland og Runar Kleppe. Foto Jan Kåre Fure.



Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har vore i drift sidan 2009 og har som overordna målsettinga å sikre ei økonomisk forsvareleg drift av bygg og eigedomar, hindre at verdien av bygningane blir redusert og å legge til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø basert på funksjonelle lokale og eit godt innemiljø.

God eigedomsforvalting er å gje brukarane gode og effektive bygg til lågast mogleg kostnad. Dette inneber å skape best mogleg rammevilkår for brukarane si verksamhet over tid.

Eigedomsavdelinga er organisert under teknisk sektor og omfattar alle vaktmeistrane og reinhaldarane i kommunen. I 2012 har eigedomsavdelinga hatt 6,5 årsverk vaktmeistrar, 15 årsverk reinhaldarar og ein einingsleiar. Vi har samla alle vaktmeistrane og alle reinhaldarane under kvar sine driftsleiarar. Dette har vist seg å vere effektivt og har betra arbeidsmiljøet for alle.

Gloppen kommune har om lag 45.000 m² bygningsmasse fordelt på 78 bygg. I tillegg til å halde vedlike denne bygningsmassen, skal eigedomsavdelinga utføre mindre ombyggingar, tilpassingar og ha prosjektleiinga på nye byggeprosjekt.

Reinhaldstenesta

Reinhaldsdrifta til Gloppen kommune skal omorganisera, det vil medføre at reinhaldarane ikkje lenger skal vere fast tilknytt eit bestemt bygg, men jobbe meir i team. Vi vil også satse på fagleg utvikling av reinhaldarane samt standardisere kvaliteten for reinhaldet.

Vi skal registrere vaseareal og ressursbehov på alle bygg som vi har reinhaldaransvaret for.

I 2012 starta vi opp eit prosjekt som skal kartlegge reinhaldstenesta slik den er i dag, og korleis vi skal drive den framover. Dette prosjektet er bestilt av rådmann og skal munne ut i ein rapport som skal leggast fram for politikarane. Rapporten skal dokumentere kvalitet, økonomi og ressursbruk (personal).

Dette blir gjort for å heve kvaliteten på reinhaldet og kunne dokumentere ressursbruken samt effektiviteten og utvikle tenesta.

Pr i dag har vi om lag 14 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinhaldarar og har ansvar for reinhaldet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, heradshuset, Gloppen opplæringscenter og på leigearalet på Grandane. I tillegg har vi ein driftsleiar reinhald i 100 % stilling.

Vaktmeistertenesta

Vi har i dag 6,5 årsverk fordelt på 7 vaktmeistrar. Vaktmeistrane har hovudansvar for sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle bygg. Blant desse vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har det overordna ansvaret for drifta ute.

Drift

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenester som ligg inn under vedlikehald av bygga, utførte vi fleire mindre tiltak som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre, og kan nemne:

- Utvendig maling av fleire bygg
- Pussa oppatt ei avdeling i Furustubben barnehage
- Ny belysning i badehallen på Breim skule
- Skifta yttertak i Mona barnehage avdeling Sandane
- Totalrenovert to bad i brukarbustader i Gotavegen
- Nye kontor på heradshuset
- Flytta heimetenenesta i Breim inn i nye leigelokale
- Maling av badebassenget ved Hyen skule
- Montert fallunderlagsmatter ved fleire leikeanlegg
- Flytta legetenenesta, helsetasjon, PPT og barnevernet inn i nye lokale på Grandane
- Radonmålinger i alle skulane og barnehagane

I tillegg har vi utført dagleg vedlikehald, samt mindre tiltak som universell utforming, målararbeid innvendig og utvendig og ikkje minst stell av utvendig grøntareal.

Eigedomsavdelinga har lagt bak seg eit svært aktivt og interessant år og har vore med på å betre driftsbygga for brukarane våre.

Landbrukskontoret

Vi har to søknadsomgangar for produksjonstilskot. For første gong er no ein slik søknadsomgang gjennomført digitalt. Utan tvil skapte dette utfordringar for fleire av bøndene. Medarbeidarar med erfaring og kompetanse la likevel opp til eit opplegg som fungerte svært godt, både for søkerane og for landbrukskontoret.



Kirsten Sundt og Åse Marie Ravnstad - erfarte medarbeidarar på landbrukskontoret. Foto: Bernt Reed.

I alt har vi ca 250 søknader per søknadsomgang. Delen av digitalt leverte søknader har no auka frå ca 35% til nærmare 80%. Totalt utgjer produksjonstillegga ca 60 mill kr/år for bøndene i Gloppen.

Saksmengda innan lovforvalting (jordlov, konsejsjonslov, odelslov, skogbrukslov) låg dette året på eit tilnærma normalt nivå.

Per forskrift er kommunen 1. lineteneste for Innovasjon Norge når det gjeld finansiering innan landbruk- og bygdeutvikling. I vår kommune er det landbrukskontoret som har denne funksjonen. 14 investeringssøknader blei behandla og sendt. Alle blei innvilga. Det utløste i alt 4,4 mill tilskotskroner og 19,2 mill kroner i løn med rentestøtte. Av sakene nemner eg to robotfjøs, tre saudefjøs, to saker knytt til hagebruk og resten ulike former for moderniseringar innan husdyrproduksjonane.

Mjølkeprosjektet er etablert. Målet er auka mjølke- og kjøtproduksjon på storfe. Dette er eit viktig prosjekt med tanke på TINE-meierier på Byrkjelo sitt behov for sikker mjølkleveranse og at det er mangel på storfekjøt i marknaden. Ny strategiplan for «Miljøtiltak i landbruket 2013 – 2016» (SMIL) er utarbeidd og godkjent av kommunestyret. SMIL-midlane utgjer ca kr 700.000 i året for vår kommune. Forvaltinga av avkastninga av utviklingsfondet (hovudstol kr 10 mill) for Naustdal/Gjengedal landskapsvernombord er no i godt gjenge. Gloppen kommune v/landbrukskontoret har det administrative ansvaret med utmarksforvaltar som saksbehandlar. Framover vil det vere viktig å bruke tid på å vidareutvikle samarbeidet med grunneigarane i landskapsvernombordet.

Etter stormen «Dagmar», har utmarksforvaltar hatt mange oppgåver knytt til vegplaner, tømmerhogst og ulike avtaler og tilskotssøknader. I større grad enn før blir landbrukskontoret også trekt inn i det generelle næringsarbeidet, der m.a. oppfølging av kommunalt næringsfond krev ein del tid.

Plan, byggesak og oppmåling

Talet på innkomne byggesøknader var i 2013 på 161, som gav ein liten auke frå 2011 då talet var 155. Statistikken viser at talet på byggjesøknader har auka jamt dei siste åra.

Oppmåling hadde ein nedgang på nesten 20 saker i høve til førre året, og ledig arbeidskapasitet der har vorte nytt til registrering av kommunen sitt eige leidningskart. Oppmåling har også fått ein betre arbeidskvartdag med nytt oppmålingsutstyr. Utstyret er raskare i bruk og ein får målt opp på stadar der ein før hadde problem.

Oppmåling samarbeider med kultursjefen om å få på plass vegadresser i heile kommunen. Vi er der komne så langt vi har fått inn forslag til namn på alle vegane. Framover skal vi køyre opp vegane, for å

sjekke om vi treng fleire namn og samtidig sjå på plassering av stolpar med meir.

Det er elles sett i gang kommunalt planarbeid for oppdatering/fornyning av fleire reguleringsplanar. Her kan vi nemne reguleringsplanane for Vonheim – Storebrua, Sandane sentrum, Sentrum – Øyrane og Byrkjelo vest.

Avløp

Kommunen har tre avløpsreinseanlegg, eitt silanlegg, 32 pumpestasjonar, tre større slamavskiljarar og mange km med avløpsleidningar. Det har ikkje vore vesentlege driftsproblem på anlegga i 2012.

Analyseresultata for 2012 viser at vi held reinsekrava som er sett i lover og forskrifter.

Oppgradering av reinseanlegget på Byrkjelo er sett på vent inntil meieriet får bestemt kva tiltak som blir sett i verk på deira for-reinseanlegg og interne prosessar på meieriet.

Frå 1. januar 2013 er det inngått ny slamavtale med Miljøservice AS om henting, transport og behandling av slam. Behandlinga føregår i Eid kommune sitt anlegg i Remmedalen, der firmaet Grøn Vekst Vestlandet omdannar slammet til to produkt: Bio Park som blir nytt i parkanlegg og uteområde og Bio Torv som vert nytt til torvtak.

Vassverk

Kommunen har grunnvassanlegget på Vassenden, eitt høgdebasseng, to trykkaukingsstasjonar, fire trykkredusjonskummar, sju vassmålarar på leidningsnettet og mange km med vassleidningar.



Frå reparasjonen av brønn 2 på Vassenden. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Produksjon og distribusjon av vatn har vore god og stabil heile året. Vassprøvene har vist god kvalitet. Vi har hatt reparasjon av brønn 2 på Vassenden. Der heldt stigerør og brønnpumpe på å losne frå feste i brønntoppen og falle ned i brønnen, heldigvis oppdaga vi det i tide og fekk reparert skaden. Ny brønnpumpe vart montert.

Kommunale vegar

Lengda på det kommunale vegnettet er ca 120 km. Også i 2012 fekk vi nokre flaumskader. Vegen i Devika vart mykje skada og noko av årsaka var etterverknader etter uvêret «Dagmar» i romjula 2011. Elles har vi føreteke grusing, høvling, støvbinding, kantslått og tetting av slagholer etter behov.

Gatelysa krev stadig vedlikehald, det går mest på montering av ny armatur og pærer som sloknar, men også rydding av skog.

Brannvern

Brannvernet har to deler. Ein beredskapsdel og ein førebyggande del.

Beredskap:

Gloppen brannvern er organisert som eit deltidsbrannvesen, og ved brannstasjonane er det i samsvar med krava følgjande bemanning:

- | | |
|--------------------------|---------|
| – Byrkjelo brannstasjon: | 12 mann |
| – Hyen brannstasjon: | 10 mann |
| – Sandane brannstasjon | 20 mann |

Ved hovudstasjonen på Sandane er det etablert 4-delt befalsvakt.

Aktivitet:

Siste året har Gloppen brannvesen hatt ca 25 utrykningar. Dei fordeler seg slik:

- | | |
|-----------------------|---|
| – Førstehjelp | 2 |
| – Trafikkulukker | 8 |
| – Brann/brann tilløp | 5 |
| – Unødige utrykningar | 8 |
| – Andre | 2 |

I tillegg blir mindre omfattande hendingar teke hand om av befalsvakta. Det har ikkje vore større bygningsbrannar og det har ikkje gått liv tapt i brann eller trafikkulukker i vår kommune dette året. På landsbasis har det også vore svært få dødsbrannar i 2012.

Antal utrykningar ligg ofte mellom 25-35 pr år. Brannslokking er berre ein liten del av oppgåvene, og spesielt utgjer trafikkulukker ein stor del av brannvesenet sine oppdrag. Vakthavande brannbefal har også politiet si oppgåve på ein skadestad, når denne etaten er fråverande. Dette opplever vi stadig vekk.

Førebyggande

Førebyggande arbeid er ei prioritert oppgåve for brannvesenet. I kommunen har det i 2012 vore oppfølging av ca 55 såkalla særskilde brannobjekt. Dette utløyser ein del tiltak, også i bygg der kommunen er eigar. At tiltaka har verdi, syner brannstatistikken som viser at det svært sjeldan er brann i desse tilsynsobjekta.

Tilsyn av bustadhús blir utført av feiaaren. I løpet av ein 4-årsperiode skal alle bustader i kommunen vere kontrollert. Det vart i 2008 innført "behovsprøvd feiing" i Gloppen kommune. Tidlegare har alle piper blitt feia kvart år. No er det feiaaren som vurderer kor ofte pipa treng feiast. Ordninga vart innført etter krav frå Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap.

Brannvernet har også faste oppdrag med brannøvingar i kommunen. Skular og barnehagar er regelmessig besøkte i tillegg til at vi også har arrangert øvingar i fleire bedrifter.

Av sentrale kampanjar har vi delteke i "brannvernundervisning for 6. klasse" og aksjon bustadbrann i samarbeid med det lokale el-tilsynet. Saman med ambulanse og politi har vi også vore til stade på marknadsdagar i Breim og "Redningsdag" saman med Redningsselskapet.

I 2012 starta 13 av våre brannkonstablar med den lovpålagnede utdanninga for deltidsbrannmannskap. Kostnaden er stipulert til kr 40-50.000 pr mann. Kurset har også deltakarar frå Jølster og Eid. Det vart sett av eigne midlar til kurset i budsjettet i fjar og kurset blir avslutta med eksamen og praksisveke ved eit heiltidsbrannvesen i 2013.

Kurset går i helgar og på kveldstid og det er ei utfordring å motivere mannskapa til å bruke så mykje av fritida si på å gjennomføre slik utdanning.

Utfordringar i framtida:

Økonomien er som alltid ei utfordring. Faste kostnader knytt til lønn, drift og vedlikehald av køyrety og utstyr tek det meste av driftsbudsjetten. I 2012 vart det avsett ekstra midlar til kjøp av personleg verneutstyr. Ein del nye hjelmar og skotøy var heilt nødvendig for å tilfredsstille eit minstekrav med omsyn til HMS.

Innføring av det nye nødnettet (TETRA), er no varsla også i vårt fylke. Etter framdriftsplanen skal dette vere operativt før årsskiftet 2014/15. Dette vil påføre brannbudsjettet ei ekstra utgift på rundt kr 300.000,- pr år.

Det er kostnadstyngande for ein kommune på Gloppen sin storleik å ha tre brannstasjonar, med til saman 42 mannskap, men brannsjefen ser ikkje opningar i lovverket for å redusere dette talet.

.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik netto	Avvik i %	Merknad
Administrativ leiing	1 842 482	1 215 000	627 482	51,6 %	1
Eigedomsforvaltning	2 467 227	2 709 000	-241 773	-8,9 %	
Gloppen heradshus	787 661	496 000	291 661	58,8 %	2
Vaksenopplæring	54 526	0	54 526	-	
Førskulelokale og skyss	1 734 145	1 164 000	570 145	49,0 %	3
Skulelokale	8 047 200	3 790 000	4 257 200	112,3 %	4
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	451 758	163 000	288 758	177,2 %	5
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	9 114	8 000	1 114	13,9 %	
Diagnose, behandling og re/habilitering	527 416	696 000	-168 584	-24,2 %	6
Gloppen sjukeheim	1 529 503	406 000	1 123 503	276,7 %	7
Kommunalt disponerte bustader	-4 786 910	3 862 000	-8 648 910	-223,9 %	8
Behandling av plansaker	468 682	10 000	458 682	4586,8 %	9
Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	-73 767	8 000	-81 767	-1022,1 %	10
Kart og oppmåling	462 862	70 000	392 862	561,2 %	11
Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	-44 700	0	-44 700	-	
Kommunal næringsverksemد	-15 164	180 000	-195 164	-108,4 %	
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	232 735	0	232 735	-	12
Landbrukskontoret og landbruksnæringer	3 113 684	2 921 000	192 684	6,6 %	
Samferdslebedrifter/transporttiltak	34 362	117 000	-82 638	-70,6 %	13
Kommunale vegar, nyanlegg, drift og vedlikehald	6 217 922	4 995 000	1 222 922	24,5 %	14
Kommunale vegar, miljø- og trafikksikring	734 720	535 000	199 720	37,3 %	15
Parkar, torg og off. toalett	466 152	382 000	84 152	22,0 %	
Førebygging av brann og andre ulukker	546 609	345 000	201 609	58,4 %	16
Beredskap mot brann og andre ulukker	3 098 727	2 793 000	305 727	10,9 %	
Produksjon av vatn	1 206 187	1 096 000	110 187	10,1 %	
Distribusjon av vatn	-1 206 187	-1 079 000	-127 187	11,8 %	
Avløpsrensing	4 218 568	3 996 000	222 568	5,6 %	
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-4 217 021	-3 976 000	-241 021	6,1 %	
Tøming av slamavskillarar og septiktankar	282	2 000	-1 718	-85,9 %	
Naturforvaltning og friluftsliv	15 111	0	15 111	-	
Museum	0	48 000	-48 000	-100,0 %	
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	263 889	9 000	254 889	2832,1 %	17
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	0	70 000	-70 000	-100,0 %	
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg	9 165	1 000	8 165	816,5 %	
Skatt på inntekt og formue	756	0	756	-	
T O T A L T	28 197 694	27 032 000	1 165 694	4,3 %	

* - er lik mindreforbruk

1. Avviket skuldast først og fremst endringar i stillingsprosentar på denne tenesta på teknisk. Teknisk sjef gjekk fra 30 % stilling til 100 % stilling på denne tenesta. I tillegg vart det lagt til ei 40 % stilling på eigedomsskatt og kommunale avgifter. Reelle stillingsprosentar på denne tenesta må vurderast på nytt

- fram til neste budsjett. Fleire av desse skal ligge på andre tenester. Avviket mellom budsjett og rekneskap på driftsutgifter kan hovudsakleg knytast til avgifter, gebyr og lisensar. Først og fremst til Norkart Geoservice og Statens kartvert. Vi må vurdere om desse skal først andre stader i neste budsjettprosess
2. Meirforbruket skuldast i hovudsak at kommunen sine vaktmeistrar har arbeidd meir på heradshuset med ombyggingar og tilrettelegging enn budsjettert
 3. Også her kan deler av meirforbruket tilskrivast meir bruk av eigne vaktmeistrar enn budsjettert. I tillegg er det eit stort overforbruk av forbruksmateriell på grunn av nyinnkjøp av reingjeringsartiklar til Breim barnehage
 4. Til liks med pkt 2 og 3 skuldast meirforbruket større bruk av eigne vaktmeistrar enn budsjettert
 5. Som pkt 4.
 6. Som pkt 2-4. I tillegg er det eit overforbruk på nyinnkjøp av reingjeringsartiklar til dei nye lokalane på Grandane
 7. Som pkt. 4
 8. Som pkt 4. I tillegg har vi 1 million mindre i leigeinntekter enn rekna med. Årsaka til dette er nok urealistisk budsjetting
 9. Avviket i lønn skuldast at delar av stillinga har stått vakant. Avviket mellom budsjett og rekneskap på driftsutgifter kan hovudsakleg knytast til OU-midlar
 10. Det har vore ei lita auke med byggesaker dei siste åra. Dette kan tilseie at vi kan auke opp inntektene frå byggesak dei komande åra
 11. Kart og oppmåling har store driftsutgifter knytt til avgifter, lisensar og gebyr til Geoforum, Statens kartverk og Norkart Geoforum. Delar av avviket skuldast elles ein nedgang i talet på innkomne søknader om frådeling. Utover dette er det utført oppmålingsarbeid der det er gjeve oppmålingsattest tidlegare. Gebyret skal betalast når attest er gjeve, men oppmålingarbeidet blir utført seinare
 12. Utgiftene er festeavgifter på næringstomter. Utgiftene vart utegløyde i budsjettet
 13. Mindreforbruket kjem av mindre vedlikehald på kaia i 2012
 14. P.g.a. uvêret Dagmar fekk vi mykje ekstra arbeid på vegvedlikehaldet i 2012
 15. Også her førte uvêret Dagmar til ein god del ekstra arbeid p.g.a. skader på straumlinjer og stolpar til gatelys
 16. Overskridinga skuldast underskot på feiring og brannsyn, om lag 100.000, og ikkje fordelt lønn til anlegg. Om lag 100.000 skulle vore utgiftsført på Breim barnehage og ny veg/avkøysle i Eidsmona
 17. Som pkt. 4.

Investeringar i 2012

Eigedom

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølve, vi leiger berre dei tenestene som vi ikkje har kompetanse på sjølve, og kan nemne:

- **Energibesparande tiltak** dervi bruke ein halv million kroner til energibesparande tiltak: skifting av vindauge, tilleggsisolering, montering av varmepumper m.m.
- **Ombygging av brukarleilighet i Åsavegen143-147-149:** Dette er eit prosjekt som vaktmeistrane har utført. I tillegg til ombygging av brukar-bustadane, vart også kontoret til einingsleiar pussa opp

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenørar, og kan nemne:

- **Nytt ventilasjonsanlegg ved Sandane skule** der det vart montert nytt ventilasjonsanlegg som forsyner gymsal, garderober, klasserom og grupperom i underetasjen med frisk luft
- **Nye bæresøyler og isolert yttervegg** mot sør i gymsal ved Breim skule
- **Breim barnehage**, ferdigstilling og innflytting.

Avløp

Nye avløpsleidningar

- på Vereide, 360 m
- ved Breim barnehage/Reed Stadion, 300 m
- pumpeleidning i sjøen mellom Øyrane og Elvaneset, 1400 m.

I tillegg er det skifta ut 210 m avløpsleidning i eit område ved Lyngvegen i Åsen.

Vatn



Det nye nødstraumsaggregat som vi kjøpte i 2012.

Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Nytt nødstraumsaggregat er kjøpt inn og ombygging av straumforsyninga i pumpehuset er ferdigstilt i 2012. Vi har prøvekjørt pumpene med det nye aggregatet og det fungerte fint.

I eit område ved Lyngvegen vart det lagt 210 m ny vassleidning.

Vegar

Nytt asfaltdekke vart lagt på følgjande strekningar:

- veg i Gjengedal 530 m
- veg på Straumsholmen 260 m
- veg på Søreide 350 m
- Lyngvegen 170 m
- Ulvesbakken 200 m

- veg på Øvreset 320 m
- snuplass i Fjellbygda.

Det er framleis stort behov for asfaltring både på vegen med fast dekke og på grusvegar.

Det vart kjøpt inn ny snøplog for snørydding i sentrum.

Aksjon skuleveg

I 2012 vart midlane brukt til nye gatelys ved Firdahallen.

Park og uteområder

Det er hovudsakleg plenklipping, tøming av bosskorger og stell av sentrumsområda denne tenesta omfattar.

Spesielle hendingar i 2012

- Kristine Dahl vart tilsett som ny teknisk sjef
- Uværet «Dagmar» som herja i romjula i 2011 gav oss mykje ekstraarbeid og ekstrautgifter også i 2012
- Vi har hatt reparasjon av brønn 2 på vassverket på Vassenden. Heldigvis oppdaga vi skaden i tide og unngjekk eit større havari. Ny brønn-pumpe vart montert.



Frå legging av ny pumpeledning mellom Elvaneset og Øyrane. Foto: Ivar Arne Skeistrand (t.v.) og Firda Tidend (t.h.).

KULTUR



*Nye Hyen stadion vart opna den 21. september 2012 etter stor og imponerande dognadsinnsats frå hyarane.
Foto: Tor Øyvind Aa.*

Dette kapitlet avspeglar den kommunale aktiviteten i Trivselhagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivaktivitetar m.m. Skule- og kulturdelen av Trivselhagen har vore gjennom det femte heile driftsåret, og det må kunne seiast at dette har

vore eit svært vel-lukka samarbeids-prosjekt mel-lom fylkeskommunen og Gloppen kommune.



*Konsert i
Trivselhagen med
Susanne sundfør. Ein
av 67 konserter i
Trivselhagen i 2012.
Foto: Edvin André
Hugvik.*

I 2012 kom Gloppen på tredje plass i Telemarks-forskning si kåring av Årets kulturkommune. Sjølv om dette er to plassar ned frå 2011, er vi svært stolte av også denne plasseringa.

2012 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Det var ei storhending å ta i bruk det nye bade-anlegget i Trivselhagen i august 2012. Samstundes vart også den nye turnhallen i tilknyting til Firdahallen opna. 15. oktober vart arbeidet md siste byggesteg på Trivselhagen starta opp. Tar vi også med det nye og flotte idrettsanlegget i Hyen, kan vi trygt slå fast at 2012 har vore eit toppår på anleggssida for idretten i Gloppen.

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

Teneste	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik Netto	Avvik i %	Merknad
Aktivitetstilbod barn og unge	765 893	752 000	13 893	1,8 %	
Kommunal næringsverksemd	689 193	771 000	-81 807	-10,6 %	1
Naturforvaltning og friluftsliv	87 851	111 000	-23 149	-20,9 %	
Bibliotek	3 053 389	2 931 000	122 389	4,2 %	
Kino	234 490	337 000	-102 510	-30,4 %	2
Museum	231 833	273 000	-41 167	-15,1 %	
Kunstformidling	397 588	395 000	2 588	0,7 %	
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	1 722 417	1 763 000	-40 583	-2,3 %	
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	-1 214 314	0	-1 214 314	-	3
Kulturskulen	4 731 528	4 522 000	209 528	4,6 %	
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg	647 525	535 000	112 525	21,0 %	4
Kommunale kulturbrygg	2 387 590	1 846 000	541 590	29,3 %	5
Den norske kyrkja	3 821 000	3 821 000	0	0,0 %	
Andre religiøse føremål	-19 670	55 000	-74 670	-135,8 %	6
T O T A L T	17 536 313	18 112 000	-575 687	-3,2 %	

* - er lik mindreforbruk

Merknader:

1. Gjeld kantina/kaféen i Trivselshagen, der det har vore auka sal og levering av mat til det nye symjeanlegget
2. Kinoen har hatt gode besøkstal og drifta er effektivisert
3. Gjeld drift av den kommunale delen i det nye symjeanlegget, og som ikkje har vore budsjettert. Her er ei god omsetning, men det har også vore investert i nødvendig utstyr
4. Avviket her gjeld i hovudsak at husleiga for huset på Øyrane (ved Holvikejekta) er budsjettert her, men ført på eigedomsavdelinga
5. Omsetninga har vore høg i kulturhuset, men avviket kjem av fleire faktorar som t.d. for høgt budsjettet refusjon frå IKS-et, mindre overskot ved arrangement/utleige enn budsjettet
6. Avviket her kjem av at tilskotet i samband med 850-årsjubileet til Vereide kyrkje ikkje er utbetalt, men finansieringa av tilskotet frå disposisjonsfondet er likevel blitt inntektsført.

Investeringar i 2012

- Nytt idrettsanlegg med kunstgrasbane i Hyen med kommunalt tilskot
- Første byggesteg av idrettsdelen i Trivselshagen - symjeanlegg, turnhall, treningscenter og trappehus

Spesielle hendingar i 2012

I stikkordsform (utanom dei investeringstiltaka som alt er nemnde):

- Årets kulturkommune 2012 – Gloppen kom på tredje plass i Telemarksforskning si kåringa av årets beste kulturkommune
- Gloppen janitsjar fekk kommunen sin kulturpris.

Spesielle ungdomstiltak:

- Ungdomens Kulturpris 2012 gjekk til Tiril Seppola Reed for hennar innsats som handballtrenar og dommar, og hennar engasjement for elevrådsarbeid på lokalt og nasjonalt plan
- Ungdommens kulturmønstring (UKM) gjekk av stabelen med rundt sytti deltakarar fordelt på 33 innslag

- Rusfri 16. mai-natt vart arrangert i Trivselshagen med taco, quiz, kino og flotte premiar
 - Gloppen Scene har arrangert åtte konserter for ungdom på Gloppen hotell og i Trivselshagen
 - Ungdomsrådet søkt og fått tilsegn, på 50% finansiering av Musikkbinge frå Musikkutstyrss-ordninga
- Fritid med bistand:
- Roseklubben har hatt 37 klubbkveldar, i tillegg til Sommarfest i Jølet med over 100 deltagarar frå heile Nordfjord. Åtte av medlemmene fullførte Gloppetrimmen/Aktiviteteskortet, eit eige

motivasjonsopplegg i regi av Roseklubben. Vi hadde også deltagarar og leiarar med på Idrettsleikane på Byrkjelo i september

- Sit-ski kurs/samlingar for barn på Utvikfjellet i samarbeid med elevar frå idrettslinja ved Firda vgs og rehabiliteringseininga.

Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

	2012	2011	2010	2009
Talet på besøkande	15.500	15.000	12.000	10.000
Talet på konserter i kultursalen	67	63	50	-

2012 var eit aktivt år i kulturhuset Trivselshagen. Besøkstalla er framleis stabilt gode, og ny publikumsrekord vart satt med Breimskoret som hadde 1.127 besøkande på sine 3 førestillingar. Snittbesøket per førestilling er fortsatt godt over 200. Mange lokale arrangørar med gode arrangement må få store delar av æra for den gode publikumsoppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som gjekk.

Trivselshagen bad og idrett vart opna i slutten av august, og spesielt symjeanlegget har vore mykje i bruk. Til saman nyttet over 30.000 seg av symjeanlegget dei 4 månadane anlegget var i drift i 2012. Hallen har stort sett vore i bruk frå tidleg morgen til sein kveld, og den nye turnhallen har vore i god bruk trass i vasslekkasje tidleg på hausten.

Gloppen kino

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Talet på besøkande	11.741	10.981	8.227	8.574	8.096	6.595	7.837	7.827
Omsetning inkl. mva	800.120	774.865	510.800	488.945	442.745	355.295	409.640	384.151
Framsyningar	294	245	205	199	181	156	168	163
Snitt per framsyning	40	45	40	43	45	42	47	48

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Gloppen kino hadde i 2012 størst besøk av Nordfjord kinoane, og med ei besøksauke på 7 % held vi fram med den gode trenden frå i fjar. Øvst på publikumslista finn vi i år den norske Oscar-nominerte «Kon-Tiki». Vi har vist 88 filmar, av dei 16 norske filmar og 10 Go`bitar, og har hatt jamleg tilbod dag/senior-kino. Med ny teknologi har vi i løpet av året redusert

bemanninga og auka tilboden med fleire framsyningar pr. veke.

Arrangement: Den Store Kinodagen, Den Store Skolekinodagen, Rusfri 16. mainatt, Q-Film/Q-Film extreme, Liv og Røre, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken, Sommarkino mm.

Gloppen folkebibliotek

	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Totalt utlån	46.260	45.083	44.979	46.725	41.855	42.022	44.059	41.621
Besøk	34.740	39.515	39.986	40.937	40.407	24.918	25.424	24.986
Fjernlån (innlån)	783	791	763	825	642	605	550	654

Statistikken viser at utlånstala har gått noko opp, og gir eit utlån på 8,1 pr innbyggjar. Besøkstala har gått litt ned, ikkje uventa med eit slikt nytt og flott bade-

anlegg i nærmeste nabolag. Elles viser aktiviteten at det gode samarbeidet med mange ulike aktørar held fram, og at nye ting kjem til. For 2. gong arrangerte

biblioteket lesekonkuransen «SommarLes» for barn, - og med auke, 120.671 sider lest. Sommaren 2012 var det og turistinformasjon og dermed sommarope bibliotek med sjølvbetent utlån på biblioteket på Byrkjelo.

Biblioteket i Trivselshagen er også skulebibliotek for Firda vidaregåande skule, der inngår m.a. lærebokutlån. Fylkeskommunen dekkjer derfor ein del av totale utgifter.

Utebibliotek på Sandanedagane 2012. Biblioteksjef Torill Berge (t.h.) saman med Turid Bjørkeland. Foto: Ann Kristin Fløtre.



Kulturskulen



Slagverksgruppa til kulturskulen under opninga v ny ferjekai på Anda 1. november 2012. F.v. Arild Bjørkelo, Edvard Røgeberg, Thomas Røgeberg (lærar) og EliasVoll. Foto. Runar Kleppe.

	2012	2011	2010	2009	2008
Elevtal	370	390	376	387	372
Venteliste	132	110	136	127	166
Sal av årsverk	3,32	2,91	2,89	2,28	1,9

Vi har eit stabilt sal av tenester til korpsa i kommunen. Salet til Firda vgs inneverande skuleår er litt høgare enn i 2011/2012. Vi sel godt med musikkterapitester, og distriktsmusikarane tar inn mykje inntekter på m.a. turne med Den kulturelle skulesekken og Opera Nordfjord.

Det er starta opp Laurdagsskule i Sogn og Fjordane, og Gloppe kulturskule hadde to elevar med der i vår, og har tre elevar med dette skuleåret. Laurdagsskulen er eit talenttilbod som blir drevet av Sogn og Fjordane kulturskuleråd i samarbeid med kulturskulane i fylket. Gloppe kulturskule har også starta opp vårt eget talenttilbod lokalt, der vi har oppretta inntil 5 talentplassar på dans og inntil 5 talentplassar på musikk.

Distriktsmusikarane har vore aktive også i 2012. Dei har hatt to turneperiodar med Den kulturelle skulesekken, ein på våren og ein på hausten, i tillegg til to turnear lokalt med Den kulturelle spaserstokken. Vi har også hatt dans på skulane i Gloppe gjennom Den kulturelle skulesekken lokalt. Distriktsmusikarane

være har vore faste medlemmar av operaorkesteret til Opera Nordfjord heilt sidan starten i 1998, og har også i år vore med på operagallaen i april og på hovudproduksjonen i oktober (Madam Butterfly). Åmot Operagard sette opp Händels Orlando i august, og to av musikarane våre var med der også. I tillegg har vi hatt lunchkonsert under Gloppe Musikkfest saman med dei andre distriktsmusikagruppene i fylket, både distriktsmusikarar og elevar har vore med på Sogn og Fjordane symfoniorkester sitt prosjekt i vinter, og musikarane våre har vore med på oppsetting av Händels Messias i Førde og Sogndal.

I tillegg til dette har vi hatt ei rekke eigne konserter lokalt med elevar, lærarar og distrikt-musikarar, t.d. fleire konserter med slagverkens-embelet, klassisk konsert i Sandane og Hyen kyrkjer, Adventskonsert i Gimmestad kyrkje samt fleire huskonsertar og konserter på Musikkens Dag. Vi hadde også besøk av Ungdomssymoniorkesteret til Ørsta og Volda kulturskular, i samband med deira jubileum – og deltok med fleire elevinnslag der. Sist men ikkje minst, vi har hatt fleire danseframstillingar dette året også, med oppsettinga American Beauty som storsatsinga vår. Til den inviterte vi også skulane i nærlieken og danselina på Firda vgs. til ei skuleframstilling.



Som ein del av det nye badeanlegget i Trivelshagen er «gamlebassenget» i Firdahallen bygd om til barnebasseng. Her finn du også boblebad for dei som vil likar det... Foto: Edvin André Hugvik.

SERVICETORGET, ØKONOMIAVDELINGA OG IT

Støttefunksjonane er hovudsakleg fordelt på økonomiaavdelinga, servicetorget, IT-avdelinga. I tillegg har kommuneleiringa støttefunksjonane på personal, her inkludert HMS.

SERVICETORGET

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. I tillegg ivaretar servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, sekretariat for eldrerådet, saksbehandling og sekretariat for overformynderiet, kommunen si post- og arkivteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har (ved årsskiftet 2012/2013) til saman 6 årsverk fordelt på 7 stillingar. I praksis fordeles stillingane seg slik: Post og arkiv: 2 årsverk og 4 årsverk på publikumstenester, saksbehandling, politisk sekretariat og leiing.

Servicetorget vart ombygt og oppussa i 2010 og framstår no som ei moderne publikumsteneste, med m.a. PC for publikum og bankterminal for billetsal.

norge.no hadde ikkje kåring av offentlege nettstader i 2012. Frå 2011-kåringa har nettsida til Gloppen kommune fire stjerner (seks er maksimal skåring). Det er eit omfattande og tidskrevjande arbeid å få auka skåring på norge.no si måling. Så langt har vi ikkje hatt ressursar til å forbetre oss.

Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og gloppen.no (som også er heimeside for Gloppen Næringsorganisasjon), heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tjenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemnekontor for Sandanedagane, og frå 2012 er leiaren for servicetorget med i styret for Sandane-dagane.

Vi har ikkje fått til ein serviceavtale med Skatteetaten etter at dei la ned sitt kontor i Gloppen 1. juni 2011. Årsaka til dette er – slik rådmannen vurderer det – at Skatteetaten ikkje er spesielt interessert i å få til ein avtale. Etter fleire purringar fekk vi i 2012 eit tilbod, som vart avvist fordi Skatteetaten ikkje ville betale for seg. Næraste skattekontor er no på Eid.

Nøkkeltal	2012	2011	2010	2009	2008
Søknader om bustøtte	**	204	197	198	177
Sum bustøtte i 1.000 kroner	**	2.874	3.040	2.709	-
Innvilga startlån til	16	5	6	-	-
Innvilga søknader om tilskot til bustad til	3	2	2	-	-
TT-ordninga (drosjekort)*	239	230	236	229	228
Parkeringsløyve*	4	5	9	9	-
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	4	6	5	4	4
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	10/19	4/25	6/22	8/15	4/16
Billetsal* (tal selde og utleverte billettar)	***	1.956	2.125	4.316	401
Tildeling av kommunal tomt*	2	2	5	2	-
Førehandsrøysting		677 ¹		702	
Tal saker i overformynderiet	52	51	50	41	44
Stjerner for heimesida	4	4	5	3	3
Talet på journalførte inngående brev	6.439	6.194	5.841	5.471	5.892
Talet på journalførte utgående brev	4.336	4.250	4.421	4.124	3.622
For seint utsende saklister til møte (i prosent)****	31	-	-	-	-

¹ Talet inkluderer mottekte førehandsrøyster til andre kommunar.

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonna tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

** Statistikken frå Husbanken for 2012 er ikkje klar.

*** Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

****21 av 68 møte i kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Svært mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Vi har ingen oversikt over kor mykje av denne korrespondansen som ikkje blir journalført, og som dermed ikkje blir registrert og teken vare på. Dette er ikkje eit problem spesielt for Gloppen kommune. Heller ikkje den interne korrespondansen blir journalført i særleg grad. Det har haldne ei rekke kurs i bruk av kommunen sitt post/sak/arkivsystem i 2012, både grunnkurs og kurs for vidarekomne.

Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret. Ny telefonløysing vart teken i bruk i september 2011 utan at den gamle telefonsentralen på heradshuset vart teken ut av bruk. På slutten av 2012 braut denne

sentralen saman, og vi måtte gå over til mobile løysingar. Vi er framleis ikkje i mål med ei telefonløysing som fungerer godt nok, og som oss gir dei reduserte kostandene vi har blitt førespeglia. Dette skuldast både sjølvé løysinga, men også kapasitetsproblem på IT-avdelinga som gjer at saka har stoppa opp.

Som tabellen over nøkkeltala viser, er det liten etterspurnad etter kommunale tomter. 11 tildelte tomter dei siste fire åra, gir grunn til ettertanke.

Ny statistikk frå 2012 er status for framlegging av saklister til møte. Statistikken gjeld hovudsaklista, altså ikkje for saker som blir lagde fram i tillegg etter at første sakliste er lagt fram. Tar vi med tidspunktet for framlegging av tilleggssaker, aukar prosenten for for seint framlagde saker vesentleg.

IT-AVDELINGA

Frå 1. januar 2011 har IT-avdelinga vore organisert som ein eigen støttefunksjon direkte under rådmannen. Avdelinga har driftsansvaret for alle data- og telefonfunksjonane i kommunen, og har i tillegg driftsansvaret for fleire dataløysingar som omfattar heile Nordfjord.

Leiar for avdelinga i mange år, Svein Ove Langeteig slutta i 2012, og dette har naturlegvis vore ei utfordring for oss.

Viktige hendingar i 2012

- Kommunestyret vedtok ny IKT-strategiplan for Gloppen kommune
- Ny organisering av IKT-drifta vart iverksett frå desember 2012
- Geir Liavåg Strand vart tilsett som ny adm.leiar for IKT-samarbeidet i Nordfjord frå 1. april 2012, med Gloppen kommune som vertskommune
- Mangeårig leiar for IT-avdelinga i Gloppen, Svein Ove Langeteig slutta ved årsskiftet 2012/2013.

ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga tek i vare alle økonomifunksjonane i Gloppen kommune. Kjerneoppgåvene til avdelinga er

- føring av kommunerekneskapen og avlegging av årsrekneskap
- tilrettelegge for – og handtere all budsjettering inkludert arbeid med budsjett- og økonomiplan
- lønnsrekneskap med lønnsfunksjon for utlønning, innmelding og utmelding av lønnstakarar
- skatteoppkrevjarfunksjon med skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll
- kommunen sin sentrale fakturafunksjon som ivaretak all utfakturering
- fakturabehandling av alle inngående faktura og syte for at inngående faktura blir behandla og ekspedert finanstransaksjonar, her under forvaltning av låneportefølje og andre transaksjonar etter finansreglementet.

I tillegg til desse kjerneoppgåvene utfører økonomiavdelinga rekneskap, budsjethandtering, utfakturering, fakturabehandling og lønnsfunksjon for Gloppen kyrklege fellesråd og Trivselshagen IKS.

Avdelinga er også ein støttefunksjon i alle økonomisaker. Dette innebær at vi bidreg/støttar opp i rekneskap-, budsjett- og lønnspørsmål til alle avdelingane i kommunen. Opplæring og kursing av brukarar av økonomisistema er ei av oppgåvene som kjem i tillegg til kjerneoppgåvene – og som har vore nødvendig og nyttig å gjennomføre.

I 2012 har avdelinga hatt 9,6 årsverk. Om lag 1,8 årsverk handterer skatterekneskapen og arbeidsgjevarkontroll på vegne av skatteoppkrevjaren.

Gjennom heile 2012 har økonomiavdelinga hatt redusert bemanning på grunn av sjukdom. Dette er årsaka til at rekneskapen ikkje er avslutta innan dei fristane som gjeld, og at vi har vore for seint ute med innrapportering til Statistisk Sentralbyrå.

SAMARBEID OG INTERKOMMUNALE TENESTER

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvane åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	2012	2011	2010	2009
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid		74	74	108
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)		- 124	- 88	-
Alarmsentralen Sogn og Fjordane	Brannvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)		539	518	498
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune		541	543	971
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid m/vertskommune		143	50	-
Trivselshagen IKS	Bygging av idretts- og kulturbrygget	Interkommunalt selskap (IKS)		0	0	4.600
Trivselshagen IKS	Drift av idretts- og kulturbrygget	Interkommunalt selskap (IKS)		2.904	3.149	2.565
IKT-driftssenter for Nordfjord	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune				

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekka inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune har i åra 2009 – 2011 sponsa selskapet og dermed også NoMil sine abonnentar med gratis tomt i Eidsmona.

Sjølv om vi i 2012 formaliserte driftssamarbeidet på IKT i Nordfjord, er framleis mykje av det interkommunale samarbeidet i Nordfjord på IKT ikkje formalisert. Dette gjeld også prosjektsamarbeida

med Jølster kommune om reiseliv, verneområde, mjølkeproduksjon og småkraft.

Heilt bak i årsmeldinga er ei oversikt over kven som representerer Gloppen kommune i ulike selskap m m der kommunen er involvert.



Deler av Nordfjord Miljøverk (NoMil) sitt anlegg i Eidsmona som vart teke i bruk i 2011.

Foto: Jan Kåre Fure.

LOKALSAMFUNN




1. november 2012 opna regionvegsjef Helge Eidsnes og ordførar Anders Ryssdal den nye ferjekaia på Anda. Anlegget omfattar i tillegg til ny ferjeleir, stor oppstillingsplass, nytt avkøyringsfelt og ny veg eit stykke mot Hjelmeset. Til saman vart det brukt om lag 86,5 mill. på prosjektet. Foto: Runar Kleppe.

Arbeidsmarknaden:

Ved utgangen av 2012 var det 28 heilt arbeidsledige i Gloppen kommune. Dette utgjer 0,9 % av arbeidstokken. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,7 %, og i landet på 2,4 %. Arbeidsløysa i Gloppen over tid vore stabilt låg.

Grafen til høgre syner utviklinga på talet heilt ledige personar i kommunen i 2011 og 2012:



Mottak og integrering av flyktningar

I 2012 busette kommunen gjennom avtalen med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) 14 nye flyktningar. Av dette var ni vaksne, eitt barn og fire einsleg mindreårige.

Ved utgangen av året mottok kommunen integreringstilskot for 67 flyktningar. I økonomiplanen det budsjettert med 9,0 mill i integreringstilskot for 2012. Vi oppnådde eit resultat på vel 9,6 mill.

Til saman 21 flyktningar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit to-årig kvalifiseringsprogram med rettar og pliktar. Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

Sjukefråvær

Tabellen under syner det samla legemeldte fråværet i kommunen i 2012 og er eit gjennomsnitt for heile året. Vi har òg teke med tala for kommunen som arbeidsgjevar og samanlikna dette med tal for kommunal forvaltning.

	2012
Totalt for landet	5,6 %
Totalt for Sogn og Fjordane	5,0 %
Totalt for Gloppen	4,2 %
Gloppen kommune som arbeidsgjevar	6,7%
Kommunal forvaltning	7,3 %

Det samla sjukefråværet i kommunen har i perioden vore lågare enn for landet og for Sogn og Fjordane. Dette er ein trend som vi har sett i mange år.

Gloppen kommune som arbeidsgjevar har høgare fråvær enn elles i kommunen, noko som også er vanleg i andre kommunar.

Vi ser likevel med litt uro at sjukefråværet vårt dei siste 2 åra har vore aukande.

Næringsliv og sysselsetting

Gloppen kommune har eit mangfaldig og aktivt næringsliv. Gloppen kommune er – som vanleg i kommune-Noreg – den største arbeidsgivaren, men kommunen ligg lavt på statistikkar over tal tilsette i offentleg sektor. Det betyr at det private næringslivet er ryggrada i sysselsettinga i kommunen.

Primærnæringa landbruket, eller summen av aktive bønder, er avgjerande for utviklinga av bygdene våre. Aktive bønder skaper opne kulturlandskap, og bidreg slik til gode opplevingar for oss andre som bur her, samstundes legg dette grunnlaget for andre arbeidsplassar: Tine Meieriet på Byrkjelo, transport-

bedrifter og lokale handels- og servicebedrifter, samt ei reiselivsnæring som kan dra nytte av skogsvegar og velhaldne støylar som del av sitt tilbod, er døme på dette. Samanhengar og ringverknader som det er viktige at vi er klar over.

Også i 2012 var det få arbeidsledige i Gloppen, og tilgang på arbeidsplassar var større enn tilgang på arbeidskraft. Stadig fleire verksemder har utfordringar med å få tak i personar med rett kompetanse, og mange må derfor rekrutterer arbeidskraft fra andre europeiske land.

Kommunen sitt næringsarbeid

Kommunen har delt opp sitt næringsarbeid på fleire stillinger og funksjonar. Saker som vedkjem landbruk ligg til landbruksjefen, saker knytt til turisme og opplevelingar ligg til kultursjefen, medan rådmannen sjølv tar seg av andre næringssaker. I tillegg er Sandane Næringshage kommunen si førstelinjeneste i saker som gjeld nyetablering.

Tilskot til næringsformål

I 2012 har vi utgiftsført om lag 2,3 millionar i tilskot og tilrettelegging for næringsformål. Dette er rundt 900.000 meir enn budsjettet. I dei 2,3 millionane ligg ca 230.000,- i netto festeavgifter på område med næringsaktivitet, hovudsakleg i Mona. Desse har fått tilskot eller overføringer i 2012 på 100.000 eller meir:

- Kråna Egedom AS, 358.000,-
- Reisemål Stryn & Nordfjord, 310.000,-
- Sandane Næringshage, 250.000,-
- Tine Meieriet Vest, 235.000,-
- Eurofoto, 200.000,-
- Norsk landbruksrådgjeving, 125.000,-
- Bjørnar Aske, 112.500,-

- Lumens AS, 100.000,-
- Agro Buisness Park SA, 100.000,-

Kommunestyret vedtok i oktober 2012 strategisk næringsplan for 2012-2014, med fire hovudsatsingsområde:

1. Bulyst og tilflytting
2. Næringsutvikling
3. Verneområde og kulturlandskap
4. Reiseliv.



Vi skal ta vare på og utvikle kulturlandskap et mellom fjord og fjell/bre, heiter det i næringsplanen. Her frå Fagredalen i Jardalen.

Foto: Harald Kjær.

ØKONOMI

RESULTAT OG AVVIK

GENERELT

Gloppen kommune har ein relativt stram økonomi, men etter kvart ein god budsjetdisiplin som gjer at vi har klart å bygge opp noko fond, som kan kome godt med når vi møter utfordringane i åra som kjem. Dette er eit godt grunnlag for vidareføring og utvikling av viktige tenester og investeringar i lokalsamfunnet. Avkastning, overskot, fondsbehandling og resultatgrad er omgrep som blir nytta i analysen av kommunane som organisasjonar. Desse kan vere aktuelle i visse høve, men vi bør hugse at målet i dei fleste høve tek form i gode og relevante tenester, investeringar i fellesgode og forvaltning som gjev innbyggjarar velferd, trivsel og utfalding. Gloppen kommune jobbar med å innarbeide kvalitetsmål i samband med styringa (Betre styring). Kva får vi att for pengane? Dette spørsmålet vil vere viktig som eit tillegg til den tradisjonelle og gode informasjonen som ligg i dei kvantitative finansielle resultatmåla.


DRIFTSRESULTAT FOR GLOPPEN KOMMUNE

Gloppen kommune hadde eit netto driftsresultat i 2012 på 21,3 mill. kr. *Netto driftsresultat* er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Resultatet syner om kommunen byggjer eller tærer på eigenkapitalen. Netto driftsresultat er derfor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og ein primær indikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. *Brutto driftsresultat* syner inntekter vi sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivningar (verdijustering for elde/slitasje), er dekkja.

Brutto og *netto resultatgrad* syner forholdet mellom samla inntekter og utgifter. Forskjellen er at den eine (brutto) tek omsyn til avskrivningar, medan den andre (netto) tek omsyn til finansutgiftene. I kommunerekneskapen er det mest fokus på netto driftsresultat, og dette talet seier noko om kva kommunen har av eigne midlar til investering og avsetning. KS meiner at kommunane bør ha 2-5 % netto driftsresultat for å ha ein sunn og berekraftig økonomi.

Resultatmål (tal i tusen kr)	2009	2010	2011	2012	
Brutto driftsresultat	14.500	23.250	8.223	19.345	* Resultatgrad måler resultat i prosent av samla driftsinntekter.
Netto driftsresultat	19.540	28.060	10.592	21.363	
Samla driftsinntekter	377.100	393.050	405.008	455.830	
Samla driftsutgifter	362.600	369.800	369.800	436.485	
Brutto resultatgrad* (%)	3,80	5,70	2,03	4,24	
Netto resultatgrad* (%)	5,20	6,90	2,62	4,69	
Meir-/mindreforbruk	5.520	12.300	5.720	5.676	

Brutto og netto driftsresultat og over/-underskot 2008-2012.



AVVIK FRÅ BUDSJETTRAMMA

Gloppen kommune vedtek budsjettet netto, det vil seie samla utgifter for sektoren med frådrag for sektoren sine eigne inntekter. Årleg budsjetttramme er

avhengig av kva som blir forventa av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot).

Regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda. Tal i mill. kr.

Budsjettområde 2012	Rekn.skip.	Budsjett	Kommentar	Avvik i %
Sentral styring	25,2	22,5	Meirforbruk	12,0
Barnehagar og undervisning	105,8	104,7	På ramma	1,1
Helsestjeneste og sosiale formål	139,1	137,7	På ramma	1,0
Teknisk, landbruk og eigedom	28,2	27,0	Meirforbruk	4,5
Kulturformål	17,5	18,1	Mindreforbruk	-3,3
Finansiering*	-315,8	-310,0	Meirinntekt	1,9

*Finansieringsansvaret er etter avsetting av overskotet på 6,9 mill.

UTVIKLING AV INNTEKTER OG UTGIFTER

UTVIKLING I BRUTTO UTGIFTER

Sjølv om budsjett og rekneskap har eit fokus på netto ramme og netto forbruk, er det viktig at vi også følgjer utviklinga på dei samla bruttoutgiftene og inntektene. Medan nettorama seier noko om budsjettområdet sin del av kommunen sine frie inntekter, seier bruttoutgifter noko om det totale

pengeforbruket og storleiken på aktiviteten. I 2010 vart det gjort omfattande endringar i kontoplanen og mange organisasjonsendringar, med flytting av avdelingar mellom sektorar o.s.v. Dette er det ikkje teke omsyn til i tabellen. Tala etter 2010 er samanliknbare.

Utvikling i bruttoutgifter på dei ulike budsjettområda. Tal i tusen kr:

Rekneskap	2008	2009	2010	2011	2012
Administrasjon/felles	20 660	22 845	26 340	31 463	32 780
Oppvekst	117 985	125 345	108 946	115 549	130 964
Helse og omsorg	157 668	161 054	157 821	160 520	171 104
Teknisk Landbruk (kultur)	45 263	51 120	64 320	67 840	77 378
Kultur	0	0	23 632	26 242	35 793

* Kultur vart oppretta som eigen sektor i denne samanheng i 2010.

Utvikling i bruttoutgifter på utvalde KOSTRA-funksjonar (nettoutgift i parentes). Tal i tusen kr:

Teneste (KOSTRA-funksjon)	2009	2010	2011	2012
100 Politisk styring	2 010	(1 960)	1 720	(1 705)
120 Administrasjon	18 305	(16 463)	20 608	(17 863)
202 Grunnskule	55 837	(52 142)	59 998	(56 108)
253 Pleie og omsorg i inst	54 744	(38 752)	40 008	(21 909)
329 Landbruksforvaltning	3 953	(2 664)	4 011	(3 071)

UTVIKLING I FRIE INNTEKTER

Ordinære skatteinntekter (personskatt) og rammetilskot utgjer dei frie inntektene. Dei seinare åra har det vore ei vriding i kommunane sine inntektssystem som medfører at ein relativt større del kjem som rammetilskot. Beløpet kjem som overføring frå staten og er utrekna på bakgrunn av skatteinntektene i kommunen og særskilde utgiftskriterium. Mellom anna er Gloppen kommune plassert i ein kategori

(kostnadskrevjande) kommune som blir tildelt distriktsstilskot. Ei stabil og god utvikling av dei frie inntektene gir kommunen handlefridom og gjer heilskapen i planlegginga betre.

Utvikling i frie inntekter:

Frie inntekter - Gloppe	2009	2010	2011	2012*
Skatteinntekt i kr per innbyggjar	19 154	19 763	18 971	22 322
Frie inntekter i kr per innbyggjar	39 771	41 641	48 799	53.800


*Rekna ut manuelt på grunn av for sein rapportering til SSB.

FORDELING AV DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER I 2012


Kommunen sine driftsinntekter og driftsutgifter kan illustrerast i to kakediagram. Utgiftene er eit uttrykk for den samla aktiviteten. Det vil vere nyttig å sjå på fordelinga av utgiftsartar og inntektsartar. Endringar her kan vere eit viktig signal til leiinga i forvaltninga

av kommunen sine ressursar. T.d. utgjer lønn – inkludert sosiale utgifter – heile 67 % av dei totale driftsutgiftene. Ser vi isolert på driftsrammene til kvart budsjettområde, utgjer lønn ofte godt over 70 %.

Driftsinntekter – etter type inntekt:



Driftsutgifter etter type utgift



FOND OG GJELD

GJELD

Gloppen kommune har ei relativt låg netto gjeld samanlikna med kommunane rundt oss. Tek vi med gjeld som vi har plassert i andre selskap som IKS og i AS, vil ikkje biletet sjå like bra ut. Samla gjeld er så stor at det er nødvendig å vurdere lånene- og invester-

ingstakt nøyne. Vi har allereie bunde framtidige generasjonar. Investeringar blir finansiering om lag 100 % med lånepoptak, ei finansieringsordning som ikkje kan halde fram i alt for mange år.

Utvikling i netto lånegjeld og langsiktig renteberande gjeld. Tal i tusen kr:

	2009	2010	2011	2012
Netto lånegjeld	21 789	33 903	31 678	Tal frå 2012 er ikke klare på grunn av for sein innrapportering.
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	173,1	181,7	190,8	
- herav pensjonsplikter i % av brutto driftsinntekter	105,1	110,0	116,3	


Utvikling i netto gjeld per innbyggjar dei 4 siste åra:

Netto lånegjeld pr innbyggjar	2009	2010	2011	2012
Gloppen	21 789	33 903	31 678	2012-tala er ikke klare på grunn av sein innrapportering
Kommunegruppe 11	40 021	45 605		
Kommunegruppe 10			42 257	
Flora	56 627	67 733	70 603	
Sogn og Fjordane	47 711	52 976	55 009	
Landet	29 635	31 826	33 470	

F.o.m. 2011 er Gloppen plassert i kommunegruppe 10. Gruppe 10 er mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og *lave* frie disponibele inntekter. Gruppe 11 mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og *middels* frie disponibele inntekter. Det betyr at Gloppen kommune frå 2011 gjekk frå å vere middels fattig til å vere litt fattigare.

Netto lånegjeld per innbyggjar seier ingenting om evna kommunen har til å betale renter og avdrag. For å få fram tal kring denne evna må vi fokusere på gjelta i % av dei inntektene vi har. Tala inkluderer ikke gjeld i interkommunale selskap, aksjeselskap og garantiansvar. Dette kan vere grunnen til at Gloppen kommune ligg lågt samanlikna med andre. 2012-tala er ikke klare på grunn av for sein rapportering til SSB

Utvikling av netto lånegjeld i % av brutto inntekter:



FOND

Fondsbeholdninga seier noko om kommunen sin handlefridom og evne til å møte dårlegare økonomiske tider. Samtidig bør det ikkje vere eit mål å byggje opp for mykje på fond, men få pengane plassert i ulike gode som er til nytte for lokalsamfunnet. Også dei øyremerka fondsmidlane må nyttast i tråd med formålet. Vi skil mellom fire typar fond:

Dispositionsfond: Saldoen blir bygt opp ved avsetning frå eit positivt netto driftsresultat. Kan nyttast fritt i drift og investering gjennom kommunestyrevedtak.

Bunde driftsfond: Fond som er avsette til særskilde formål i drifta. Midlane er bundne frå *eksterne aktørar* (ofte staten) gjennom tilskot, gåver eller andre øyremerka midlar. Kommunen kan ikkje nyttre midlane fritt, og som regel er det knytt rapportering til bruken.

Ubundne investeringsfond: Kommunestyret kan nytte fondet fritt til dekning av utgifter i investeringsrekneskapen. Midlar blir tilført gjennom vedtak frå drift eller investering.

Bunde investeringsfond: Fond som er avsette til bestemte formål i investeringsrekneskapen. Midlane er bundne og øyremerka av *eksterne aktørar* (ofte staten).

Saldo på fond i kr:

	2009	2010	2011	2012
Dispositionsfond*	931 125	3 781 281	12 764 436	13 097 492
Bundne driftsfond**	14 385 173	25 627 813	26 292 972	37 784 515
Ubundne investeringsfond	6 676 150	7 519 179	19 331 529	9 822 806
Bundne investeringsfond	0	2 230 824	2 230 824	4 407 248
Sum	21 994 457	39 161 107	60 619 855	65 112 061

* 2012-overskotet på 6,9 mill er ikkje disponert/ført)

** 10,8 mill av bundne driftsfond tilhøyrer Naustdal/Gjengedal landskapsvernombord.

SALDO PÅ FOND OG DISPOSIBELT FRÅ FOND

Innanfor dei ulike typar fond har kommunen fleire fond med eigne namn. I k-sak 44/09 vedtok kommunestyret å redusere talet på fond.

I tabellen under er saldo og disponibel sum på dei største fonda. Det er viktig å understreke at saldo på

fond ikkje alltid er lik den summen som fritt kan disponerast. Årsaka til dette er at mykje av midlane er bundne opp til vedtak som ikkje er gjennomførde og betalte. I samband med einskilde fond er det også vedteken ein urørleg grunnkapital.

Dei største fonda i perioden 2009 - 2012, tal i heile kroner:

	2009	2010	2011	2012
Dispositionsfond drift (uspesifisert)	931 125	3 781 281	12 764 436	13 097 492
- 25231002 Brannutdanning	0	0	0	408 589
- 25241002 Til prosjekt folkehelsekoordinator	56 664	247 434	371 559	467 346
Bundne driftsfond				
- 25103734 August Chr. Mohrs legat	-	426 296	409 835	384 007
- 25103736 Gåvefond tilhøyrande omsorgssenteret	63 270	1 704 536	1 746 979	1 444 141
- 25103891 Transportstøtte for eldre	0	84 923	0	0
- 25104502 Jordbruksfond (frå kraftutbygginga i Hyen)	746 417	765 152	744 260	753 513
- 25106302 Til slamordninga	0	794 591	86 278	846 428
- 25106303 Vassfond	432 731	380 103	408 841	402 002
- 25106304 Avløpsfond	1 102 483	1 521 932	1 845 019	3 488 119
- 25106305 Rentefond - Gloppen Energi AS	0	6 162 484	5 909 160	8 892 774
- 25133001 Til viltfond	560 742	580 475	481 009	495 142
- 25138502 Naustdal Gjengedal landskapsvernombord	10 000 000	10 251 000	10 506 250	10 793 071
Ubundne investeringsfond				
- 25301991 Kapitalfond	6 477 509	7 414 221	19 226 571	9 422 806
Bundne investeringsfond				
- 25533366 Nordstrandsvegen	0	2 030 824	1 963 046	1 632 222

KOSTRA-TAL 2011

Tal fra 2012 er ikke klare på grunn av for sein innrapportering.

Gloppen kommune samanlikna med ulike gjennomsnitt	Gloppen 2011	Gr 10 2011	Fylket 2011	Stryn 2011	Flora 2011	Landet 2011
Finansielle nøkkeltal						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,1	1,3	2,6	3,2	4,1	1,6
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7	1,5	1,6	2,3	1,4	2,0
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	191	197	201	187	229	185
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	20,7	23,0	17,0	14,9	7,4	20,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	48 799	42 849	47 361	46 059	44 072	43 268
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	31 678	42 257	55 009	33 755	70 603	33 470
Prioritering						
Netto driftsutg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar	96 813	99 719	102 515	94 781	94 958	108 252
Netto driftsutg. til grunnskulesektor (202, 214, 215, 222, 223), per innb. 6-15 år	90 459	92 616	104 311	102 741	95 795	92 841
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, kommunehelsetenesta	2 787	1 917	2 394	2 118	1 879	1 917
Netto driftsutg. per innbygger i kroner, pleie- og omsorgstenesta	18 921	15 787	17 499	15 315	14 103	13 944
Netto driftsutg. til sosialtenesta per. innbyggjar 20-66 år	2 101	1 939	1 621	1 256	2 039	2 921
Netto driftsutg. per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta	3 215	6 224	5 062	2 543	5 604	6 298
Netto driftsutg. til administrasjon og styring i kr per innb.	4 351	3 752	5 038	3 654	3 674	3 871
Dekningsgrad						
Del av barn 1-5 år med barnehageplass	92,7	88,5	91,9	92,3	86,8	89,6
Del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	2,8	9,0	9,1	3,1	7,8	8,6
Legeårsverk per 10.000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	13,0	9,4	11,7	11,0	11,3	9,6
Fysioterapiårsverk per 10.000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	13,4	8,6	9,8	9,3	7,0	8,4
Del av mottakarar av heimetenester over 67 år
Del av plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	52,0	94,5	95,0	90,9	98,8	93,7
Del av innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon	5,1	13,6	14,4	19,9	12,3	14,2
Delen av sosialhjelppsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år	3,3	3,3	3,1	2,4	4,4	3,8
Del av barn med barnevernstiltak i høve til innbyggjarar 0-17 år	4,4	5,6	4,2	2,9	4,2	4,7
Lengde kommunale vegar og gater i km per 1 000 innbyggjarar	4,0	39,0	50,0	10,0	42,0	37,0
Sykkel-, gangvegar/turstiar mm m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	37,0	21,0	22,0	19,0	20,0	20,0
Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjarar
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutg. i kroner per barn i kommunal barnehage	135 103	140 616	137 453	128 145	136 698	149 036
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskule, -lokale og -skrys (202, 222, 223), pr elev	90 885	96 171	104 696	103 819	97 401	90 001
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 8.-10. årstrin	16,1	14,3	12,8	12,2	14,5	14,7
Korrigerte brutto driftsutg. per mottakar av heimetenester (i kr)	242 946	203 325	219 312	147 434	281 067	195 350
Korrigerte brutto driftsutg., institusjon, per kommunal plass	1 248 280	838 086	835 933	732 207	881 512	880 247
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret +1)	2 855	2 739	2 970	2 087	1 700	2 922
Årsgebyr for avløp (gjeld rapporteringsåret +1)	3 480	3 640	2 686	1 948	2 215	3 307
Årsgebyr for avfall (gjeld rapporteringsåret +1)	2 462	2 339	2 532	2 462	2 787	2 491
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdagar)	217	248	196	..	253	290
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, vedtekne reguleringsplanar (kalenderdagar)	70	78	88	103	145	73
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdagar)
Lovbruk						
Del av søknader om motorferdsel i utmark innvilga	100	99	100	100	100	95
Del av dispensasjonssøknader for nybygg i 100-m beltet langs saltvatn innvilga	..	79	77	50	89	78

* Gruppe 10 er kommunegruppa som Gloppen hører til i KOSTRA-samanheng, jfr omtalen på side 49.

NØKKELTAL FOR GLOPPEN KOMMUNE DEI SISTE 5 ÅRA

Utvalde nøkkeltal	2008	2009	2010	2011	2012
<i>Finansielle nøkkeltal</i>					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,8	3,8	5,7	2,1	
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,6	5,2	6,9	2,7	
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	179,8	173,1	181,7	190,8	
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	6,2	9,4	17,0	20,7	
Frie inntekter i kroner per innbyggar	35 836	39 771	41 641	48 799	
Netto lånegjeld i kroner per innbyggar	21 531	21 789	33 903	31 678	
Prioritering					
Netto driftsutg. per innbyggar 1-5 år i kroner, barnehagar	7 766	14 938	27 189	96 813	
Netto driftsutg. til grunnskulen (202, 214, 215, 222, 223), per innb. 6-15 år	86 304	89 765	86 959	90 459	
Netto driftsutg. per innbyggar i kroner, kommunehelsetenesta	2 104	2 616	2 575	2 787	
Netto driftsutg. per innbyggar i kroner, pleie- og omsorgstenesta	17 304	17 599	17 524	18 921	
Netto driftsutg. til sosialtenesta per innbyggar 20-66 år	1 850	1 817	1 660	2 101	
Netto driftsutg. per innbyggar 0-17 år, barnevernstenesta	2 320	2 800	2 967	3 215	
Netto driftsutg. til administrasjon og styring i kr. per innb.	3 190	3 574	3 835	4 351	
Dekningsgrad					
Delen av barn 1-5 år med barnehageplass	89,3	92,9	94,6	92,7	
Delen av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	4,5	4,3	4,1	2,8	
Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	12,3	12,1	0,0	13	
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	10,6	13,0	12,5	13,4	
Delen av mottakarar av heimetenester over 67 år	
Delen av plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	80,3	77,4	67,7	52	
Delen av innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon	12,9	10,0	4,4	5,1	
Delen av sosialhjelppmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år	3,2	3,0	3,1	3,3	
Delen av barn med barnevernstiltak av innbyggjarar 0-17 år	3,8	4,3	5,2	4,4	
Lengde kommunale vegar og gater i km per 1 000 innbyggjarar	20,1	20,0	20,0	..	
Sykkel-, gangvegar/turstiar m.m. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	4,0	144,0	4,0	4,0	
Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjarar	27,0	31,0	37,0	37,0	
Talet på årsverk i brann- og ulukkesvern per 1000 innbyggjarar	0,3	0,3	
Produktivitet/einingskostnader					
Kroner (brutto) per barn i kommunal barnehage	101 691	115 367	132 441	135 103	
Kroner (brutto) til grunnskule, lokale og skuleskyss (202, 222, 223), per elev	85 797	89 918	89 094	90 885	
Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8.-10. årstrinn	13,0	15,2	15,0	16,1	
Korrigerte brutto driftsutg. per mottakar av heimetenester (i kroner)	190 783	165 145	205 344	242 946	
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, per kommunal plass	820 328	1 046 094	1 262 290	1 248 280	
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret +1)	2 545	2 670	2 760	2 855	
Årsgebyr for avløpstenesta (gjelder rapporteringsåret +1)	3 090	3 250	3 363	3 480	
Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret +1)	2 309	2 378	2 462	2 462	
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, bygesaker (kalenderdagar)	..	17	18	..	
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, vedtekne reg.planar (kalenderdagar)	..	124	..	217	
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdagar)	..	60	70	70	
Brutto driftsutgifter i kr per km kommunal veg og gate	67 254	64 675	72 175	..	
Lovbruk					
Del av søknader om motorferdsel i utmark som er innvilga	..	100	..	100	
Del av dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvatn som er innvilga	

Tal for 2012 er ikkje klare på grunn av for sein rapportering av rekneskapen.

Driftsrekneskap 2012

Driftsinntekter	Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Brukarbetaling	9 724 473	10 944 000	11 033 000	10 164 970
Andre sals- og leigeinntekter	43 747 021	40 728 000	40 728 000	40 218 759
Overføringer med krav til motyting	69 717 158	41 160 000	38 612 000	47 877 464
Rammetilskot	188 886 656	189 080 000	189 080 000	169 389 716
Andre statlege overføringer	15 454 143	13 900 000	13 900 000	16 219 654
Andre overføringer	321 509	0	0	228 236
Skatt på inntekt og formue	114 026 853	110 750 000	110 750 000	107 739 053
Eigedomsskatt	12 731 150	12 566 000	12 566 000	12 625 633
Andre direkte og indirekte skattar	1 221 269	490 000	490 000	545 376
Sum driftsinntekter	455 830 232	419 618 000	417 159 000	405 008 860
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	235 939 551	222 165 000	217 065 000	226 093 517
Sosiale utgifter	52 662 064	55 441 000	53 962 000	50 220 212
Kjøp av varer/tenester som inngår i tenesteproduksjonen	78 718 362	76 019 000	72 325 000	66 668 949
Kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon	31 920 501	27 392 000	23 240 000	23 928 199
Overføringer	34 388 277	35 212 000	44 345 000	27 041 026
Avskrivingar	16 999 703	14 493 000	14 493 000	15 522 758
Fordelte utgifter	-14 143 241	-14 854 000	-14 403 000	-12 689 186
Sum driftsutgifter	436 485 218	415 868 000	411 027 000	396 785 475
Brutto driftsresultat	19 345 015	3 750 000	6 132 000	8 223 385
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	5 520 215	4 790 000	4 790 000	5 210 573
Gevinst på fin. instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	44 427	100 000	550 000	37 672
Sum eksterne finansinntekter	5 564 642	4 890 000	5 340 000	5 248 245
Finansutgifter				
Renteutgifter, prov. og andre finansutg.	8 922 266	11 153 000	11 153 000	9 038 069
Tap på fin. instrument (omløpsmidlar)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	9 393 041	9 200 000	9 650 000	9 267 302
Utlån	2 231 038	100 000	100 000	96 614
Sum eksterne finansutgifter	20 546 345	20 453 000	20 903 000	18 401 985
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-14 981 703	-15 563 000	-15 563 000	-13 153 740
Motpost avskrivingar	16 999 703	14 402 000	14 402 000	15 522 758
Netto driftsresultat	21 363 014	2 589 000	4 971 000	10 592 403
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	5 720 946	5 720 000	0	12 317 399
Bruk av disposisjonsfond	5 358 290	2 020 000	0	1 985 148
Bruk av bundne fond	1 721 232	968 000	356 000	2 336 575
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetning	12 800 468	8 708 000	356 000	16 639 122
Overført til investeringsrekneskapen	4 633 231	2 330 000	2 280 000	7 540 542
Dekn. tidl. års rekn. skapsm. meirforbruk	0	0	0	0
Avsetningars til disposisjonsfond	7 135 846	6 573 000	1 223 000	10 491 858
Avsetningars til bundne fond	15 437 596	2 241 000	1 671 000	3 478 178
Avsetningars til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetningars	27 206 673	11 144 000	5 174 000	21 510 578
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	6 956 808	153 000	153 000	5 720 946

Investeringsrekneskap 2012

Inntekter	Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjer
Sal av driftsmidler og fast eigedom	1 467 417	0	0	4 812 945
Andre salsinntekter	127 479	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	653 520	4 605 000	0	9 731 425
Statlege overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttag	12 991	0	0	122 060
Sum inntekter	2 261 407	4 605 000	0	14 666 430
Utgifter				
Lønnsutgifter	50 122	435 000	0	54 775
Sosiale utgifter	5 881	100 000	0	3 439
Kjøp av varer og ten. som inngår i ten.prod.	38 064 742	57 604 000	26 250 000	21 889 361
Kjøp av tenester som erstattar ten.prod.	699 079	50 000	0	10 857 757
Overføringer	7 722 052	220 000	0	3 621 710
Renteutgifter, provisjonar og andre fin.utg.	1 410	0	0	0
Fordelte utgifter	369 120	50 000	0	452 250
Sum utgifter	46 912 406	58 459 000	26 250 000	36 879 292
Finanstransaksjoner				
Avdragsutgifter	604 267	0	0	1 072 601
Utlån	4 653 500	5 000 000	0	1 732 000
Kjøp av aksjar og andelar	840 261	900 000	900 000	814 771
Dekning av tidlegare års udekka	0	0	0	0
Avsetninger til ubundne investeringsfond	1 204 079	0	0	12 667 121
Avsetninger til bundne fond	1 019 707	0	0	67 872
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	8 321 814	5 900 000	900 000	16 354 365
Finansieringsbehov	52 972 813	59 754 000	27 150 000	38 567 227
Dekket slik:				
Bruk av lån	33 890 108	43 200 000	15 690 000	28 963 663
Mottekne avdrag på utlån	0	0	0	1 140 473
Sal av aksjar og andelar	1 223 974	0	0	0
Bruk av tidlegare års udisponert	4 633 231	3 550 000	2 280 000	0
Overføringer frå driftsrekneskapen	0	0	0	7 540 542
Bruk av disposisjonsfond	1 444 500	1 223 000	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	4 670 000	4 670 000	2 280 000	922 549
Bruk av bundne fond	7 111 000	7 111 000	6 900 000	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	52 972 813	59 754 000	27 150 000	38 567 227
Udekket/udisponert	0	0	0	0

Balansen 2012

Eigendeler	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012
Anleggsmidlar	936 159 944	1 015 836 768
Av dette:		
Faste eigedomar og anlegg	315 874 183	315 874 183
Utstyr, maskiner og transportmidlar	19 292 320	19 292 320
Utlån	70 977 117	70 977 117
Aksjar og andelar	90 158 115	90 158 115
Pensjonsmidlar	439 858 210	439 858 210
Omløpsmidlar	145 144 480	156 301 730
Av dette:		
Kortsiktige fordringar	31 866 301	35 950 110
Premieavvik	15 978 143	24 783 985
Aksjar og andelar	0	0
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	97 300 036	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	1 081 304 424	95 567 635
Eigenkapital og gjeld		1 172 138 498
Eigenkapital	246 702 160	268 987 743
Av dette:		
Dispositionsfond	12 764 436	13 097 492
Bundne driftsfond	26 292 972	37 784 515
Ubundne investeringsfond	19 331 529	9 822 806
Bundne investeringsfond	2 230 918	4 407 248
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar		
AK drift	4 747 345	4 747 345
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar		
AK investering	-6 960 972	-6 960 972
Rekneskapsmessig mindreforbruk	5 720 946	6 956 808
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
Udekkja i investeringsrekneskapen	0	0
Kapitalkonto	182 574 986	199 132 500
Langsiktig gjeld	772 875 796	832 244 998
Av dette:		
Pensjonsplikter	471 211 647	510 438 157
Ihendehavarobligasjonslån	0	0
Andre lån	301 664 149	321 806 841
Kortsiktig gjeld	61 726 468	70 905 758
Av dette:		
Kassakredittlån	0	0
Anna kortsiktig gjeld	56 596 500	66 236 174
Premieavvik	5 129 968	4 669 584
Sum eigenkapital og gjeld	1 081 304 424	1 172 138 498
Memoriakonti		
Memoriakonto	19 295 185	15 545 077
Av dette:		
Ubrukte lånemidlar	19 295 185	15 545 077
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto til memoriakontiane	-19 295 185	-15 545 077

KVEN REPRESENTERER GLOPPEN KOMMUNE?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representere Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2012/2013 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Ola Tarjei Kroken (Ap), med Peter Holvik Lothe (Ap) som vara (i Leela Anita Kjørvik sin permisjonsperiode) Dessutan er Anders Ryssdal styreleiar (valt av representantskapet).

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Kristin Sandal (Sp), med Kjellrunn Hjeltnes (SD) som vara.

Stiftinga Frivillegcentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Kari-Ann Flølo (H), med Jan Arve Søvde (SD) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljøverndepartementet): Gunnvor Sunde (SD), med Ola Tarjei Kroken (Ap) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljøverndepartementet): Ola Tarjei Kroken (Ap), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

Ålfotbreen landskapsvernombord

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljøverndepartementet): Ola Tarjei Kroken (Ap), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp), med Kristin Sandal (Sp) som vara.

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet (Bjarne Bø, Sp), med nestleiar (Hans Os, H) som vara.

SEKOM-sekretariatet

Kommunen sitt medlem i styret: Per Jarle Myklebust (Sp), med Ola Tarjei Kroken (Ap) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Kari Jordanger (Sp), med Roar Henden (H) som vara.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Ordførar Anders Ryssdal sit i rådet.

Nordfjord Havnevesen IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren, med varaordføraren som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Anniken Rygg (H), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet: Hans Os (H), med Roar Henden (H) som vara - Sølvi Espeland Hope (Sp), med Vigdis Henden (V) som vara - Anders Ryssdal (Sp), med Anniken Rygg (H) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapet 13. april 2012): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara. Hans Os er leiar i representantskapet.

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem til representantskapet i stiftinga: Dagfinn Nyhammer (H), med Hege Lothe (SV) som vara.

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Peder Lotnes Hauge (V), med Olaf Sigurd Gundersen (Sp) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sølvi Anne Espeland Hope (Sp), med Sjur Atle Austrheim (H) som vara. Det er Direktoratet for naturforvaltning som peikar ut nemnda.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Per Jarle Myklebust (Sp), med Kari Jordanger (Sp) som vara
- Kari-Ann Flølo (H), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

IKT-driftssenter for Nordfjord

Rådmannen sit etter vedtekten i styret for driftssenteret.

Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane

Ordførar Anders Ryssdal møter i arbeidsutvalet og i utvalet.

ÅRETS PRISVINNERAR

Kulturprisen til Gloppen Janitsjar



Frå utdelinga av kulturprisen for 2012 i kommunestyresalen. Bernt Reed (t.h.) tok imot prisen frå nestlearen i kultur- og miljøutvalet, Dagfnn Nyhammer. Foto: Jan Kåre Fure

Gloppen Janitsjar fekk Gloppen kommune sin kulturpris for 2012. Prisen vart utdelt på kommunestyremøtet den 17. desember.

Gloppen Janitsjar vart skipa i 1989, etter at Breim Hornmusikk og Sandane Hornmusikk slo seg saman. Bakgrunnen for samanslåinga var ønske om å vitalisere korpsrørsla i kommunen etter nokre år med nedadgåande medlemstal. Samanslåinga resulterte i eit meir profesjonelt korps, for allereie i 1992 fekk Gloppen Janitsjar 1. ærespris i 3. divisjon under korps NM i Trondheim. Dette vart nok innleiinga til einærerik og god epoke som har halde fram til i dag, og som sikkert vil vare lenge enda.

Gloppen Jantisjar mottok prisen til stor applaus i kommunestyret, og Dagfnn Nyhammer oppsummerte kort både soga til janitsjaren og kva aktivitet og glede musikken fører med seg.

- Vi er veldig stolte av å ha Gloppen Janitsjar i kommunen vår, og vi håpar vi kan ha dei i mange mange år framover. Korpset er musikalsk svært dyktige, det viser resultata frå ymse meisterskap, og dei er ein fenomenal trivselsfaktor i kommunen vår. Ikkje minst er det eit fantastisk korps der ungdomar frå for eksempel skulekorpsa kan gå rett inn i for å dyrke speleinteressa si vidare sa Nyhammer.

Ungdomens kulturpris til Tiril Seppola Reed

Ungdomens kulturpris 2012 vart som vanleg utdelt under Ungdommens kulturmønstring (UKM) i februar. I 2012 var det ei aktiv jente som velfortent fekk prisen.

- Tiril er eit døme på at alt er mogleg dersom ein ynskjer det. Ho er eit ja-menneske som tek på seg oppgåve etter oppgåve. Ho går 3 idrett på Firda vgs., der ho også er elevrådsleiar. Ho er leiar i fylkesstyret og sit i landsstyre for elevorganisasjonen som er ein organisasjon som er elevane i den vidaregåande skulen sitt talerøyr opp til politikarar og høgare makter.

Vidare seier juryen: I tillegg til å jobbe både på Eurofoto og sjukeheimen får ho tid til å yte ein innsats både på damelaget til GHK og fotballaget til BBIL sine damer. Som handballtrenar for BBIL J14 gjer ho ein kjempeinnsats så vel som handballdommar for BBIL der ho er den høgst rangerte kvinnelege dommaren i Sogn og Fjordane, ho har vore både i Bergen og dømt divisjonskamper og i Larvik og dømt PW Cup som er eit uoffisielt Junior NM i handball.

Sum sumarium meiner vi dette absolutt er ei sjel som bruker fritida si til aktivitetar som er til glede, og ikkje minst til inspirasjon for born og unge, også langt utover kommunegrensene. Derfor fortener ho denne prisen i år!

Tiril hadde sjølv ikkje høve til å vere i kultur-salen å ta i mot prisen under UKM. Ho var på landsstyremøte i Elevorganisasjonen i Oslo. Vi har derfor ikkje bilete frå overrekkinga.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

gjekk til Jostein Moldestad, sjå side 15 i årsmeldinga.

Bygeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2012.

Årsmeldinga for 2012 er laga av servicetorget i Gloppen kommune.